3-årsplanen var oversiktleg og innhaldsrik. Den gir eg eit godt innblikk i kva Myrsnipa barnehage ser på som viktig og korleis dei jobbar i høve born og foreldre.
For meg var årsplanen litt mindre oversiktleg. Men når eg les i dei ulike «rammene», så får eg etter kvart kunnskap om kva dei jobbar med.

Leikong 08.06.2016
Oddrun Eidem Kleppe
Oddrun Eidem Kleppe

| VURDERING AV ÅRSPLAN – BERGSLIA BARNEHAGE | |
|---|---|
| **KRAV OG KRITERIER:** | **FUNN:** |
| Er fagområdene i årsplanen tilpasset det enkelte barn? | Ja, i form av progresjonsplanen. Denne beskriver hva barnehagen gir barna av innhold, opplevelser, utfordringer og erfaringer. |
| Er fagområdene i årsplanen tilpasset barnegruppens interesser? | Barnehagen har fokus på temaet barnekultur. Barna blir gitt mulighet til å være aktive aktører når barnekulturen får utvikle seg i spenningen mellom tradisjon og fornyelse. |
| Er fagområdene tilpasset det lokale samfunnet? | Ja. Barnehagen benytter seg av nærmiljøet ved arbeid med de ulike fagområdene. Et rognebærtre like ved barnehagen har bl.a. fått mye fokus da det blir fulgt gjennom hele året. |
| Er markeringer av lokale kulturaktiviteter nedfelt i årsplanen? | I årsplanen blir det skrevet at barnehagen vil benytte seg av lokale kulturtilbud, men der foreligger få konkrete eksempler. |
| Kommer barnehagens arbeid med å støtte barnas utvikling ut i fra alder og egne forutsetninger frem i årsplanen? (progresjon) | Årsplanen inneholder en progresjonsplan som tar for seg forventede ferdigheter og kunnskaper innenfor gitte alderstrinn – noe som er positivt. Men årsplanen generelt er lite konkret i hvordan personalet / barnehagen arbeider for å støtte barnas utvikling på de ulike områdene og hvorfor. |

| VURDERING AV ÅRSPLAN – BERGSLIA BARNEHAGE | |
|---|---|
| **KRAV OG KRITERIER:** | **FUNN:** |
| Gir årsplanen informasjon om hvordan barnehagen arbeider med omsorg, oppdragelse, lek og læring for å sikre barna gode utviklingsmuligheter? | Både danning, omsorg, lek og dens betydning blir omtalt i årsplanen. Men det er lite fokus på hvordan barnehagen konkret jobber med de ulike områdene. Det burde vært skrevet mer utfyllende om barnehagens aktiviteter, metoder og begrunnelser for valgene av nettopp disse. |
| Viser årsplanen hvordan barnehagen arbeider for å sikre et godt og nært samarbeid med barna sitt hjem? | Årsplanen forteller kort om samarbeid mellom barnehage og hjem. Forventninger mellom de foresatte og personalet / barnehagen seg i mellom blir også nevnt. |
| Konkretiserer årsplanen hvordan barnehagen legger til rette for barna sin medvirkning? | Barnehagens bevissthet på at barna skal bli gitt muligheten til å influere sin egen barnehagehverdag kommer til uttrykk i årsplanen. Det blir også gitt eksempler på hva barna får være med å bestemme i barnehagen. |
| Er planer for overgang fra barnehage til skole nedfelt i årsplanen? | Ja, det er kort beskrevet i den generelle delen. |

# Skjema til bruk i arbeidet med kommunen sitt dokumenttilsyn av barnehagar.

DOKUMENTTILSYN I kommunale BARNEHAGAR
EIGAR: Herøy kommune
STYRAR : Monica Kvalsund
Tlf: 79984636 / 99464656 E-post adr: Monica Kvalsund

Barnehagen fyller ut dette skjemaet og sender det til barnehageleiar i lag med annan dokumentasjon som det vert spurd etter.

Tidspunkt for dokumenttilsyn: mai-sept 2016
Dokumenttilsynet vart varsla i brev dagsett: 27. april 2016

## • BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

| Opplysningar etter Lov om barnehagar § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval |
|---|

**Har barnehagen samarbeidsutval?** Ja / Nei
Gi opplysningar om barnehagen sitt samarbeidsutval, med leiar som første namn:

| | Namn | Representerer: (eigar/personale/foreldre) |
|---|---|---|
| Leiar: | Rolf-Henning Skrede Hide | Foreldre |
| Medlemmar: | Iselin Vatnehol<br>Glenn Berge<br>Kari-Mette Runde Eide | Foreldre |
| | Reidun Myrvågnes | Eigar |
| | Eli Myklebust Bøe | Personale |

- **Samarbeid med foreldre/føresette**

Kva for saker vert tekne opp i samarbeidsutvalet?
Aktuelle saker er: Godkjenning av årsplan, foreldrearrangement, trivselspengar, medvirkning frå foreldra i høve pedagogisk opplegg og dugnad.

Kva for saker vert tekne opp i foreldrerådet?
Saker kan være feriestenging og dugnad. Det har vore lite møte i foreldrerådet siste åra.

Korleis er samarbeidet mellom foreldre og barnehage lagt til rette? Kva for ordningar/rutinar har barnehagen?
Samarbeidet er tett gjennom henting og levering av barna.
Utdeling av planar og månadsbrev. Samt to foreldremøter og to samarbeidsutvalmøter i året. I tilegg kjem foreldrearrangement som er 5 i året ( sommarfest, julefest, påskefrokost, haustmiddag og barnehage dagen - kafedag ) Samt to dugnader i året.

Har barnehagen system for avviksmeldingar ved skriftlege klager frå foreldra? Ja / Nei
Korleis vert uformelle (ikkje skriftlege) klager frå foreldre handsama? (småting i kvardagen)
Personalet som mottek klagen gir styrar vidare beskjed. Det verte så tatt opp i fellesskap og orientert med alle. Samt styrar snakkar med foreldra enten for å beklage eller forklare. Samt skriv ein eit notat på det dersom det er viktig å ta det som eit eksempel for seinare episoder. Men klager som at våte regnkled heng for tett osv prøver vi å løyse med den av personalet som er der.

## • BARNEHAGEN SITT INNHALD

Tema sjåast i samband med § 2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald, om barn sin rett til medverknad §4, samt rammeplanen og barnehagen sin årsplan.

### • Årsplan og utviklingsarbeid

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Er barnehagen sin årsplan sendt tilsynsmynde? | X | |
| Er årsplan fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval? | X | |
| Har foreldra teke del i/medverka i utviklinga av årsplan? | X | |
| Har foreldra fått utdelt årsplanen? | X | |
| Er barnehagen sine satsingsområde og profil tydelege? | X | |
| Er det nedfelt planar for overgang barnehage- skule i årsplan? | X | |
| Arbeider barnehagen med særskilde prosjekt? | X | |

Dersom ja – kva for prosjekt?
Vi har jobba med og vidarefører prosjektet med likestilling i barnehagen. Det gav oss mange tankevekkarar. Samt er vi ein bevisst miljøbarnehage med faste dager til samling, sortering og levering av ulikt avfall. Vi jobbar no med lyttande pedagogikk og held på å auke kompetansen vår der.

*Årsplan for barnehagen må senast inn i lag med dette skjemaet.*
Rammeplanen gir retningsliner for barnehagen sitt innhald og oppgåver. **Noter ein kommentar** om innhaldet i årsplanen sett i lys av rammeplanen, for eksempel plan for evaluering, utfordringar i årsplanarbeidet, særskilte tilhøve rundt prosessen, andre ting..

I Rammeplanen står der at " god planlegging kan bidra til gjennomtenkt og hensiktsmessig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområder. " Planlegginga tek utgangspunkt i barnehagen sine overordna mål, rammeplanen og lov for barnehagen. Samt er den basert på kunnskap om barna si utvikling og læring individuelt.
Utfordringa i høve årsplan arbeidet kan være å nå ut til heile personalgruppa. Det er lett å få innspel med kvalitet frå pedleiararne samt dei er med på utforminga og skriv nokre sider av årsplanen utifrå det vi har diskutert. Men det verte jobba med utfordringa å nå heilt ned på assistentane sitt niva slik at dei har eit like stor eigarforhold til planen. Det med mange små stillingar på 40 % gjer sitt at utfordringane med å nå dei like mykje er vanskelig.

Prøvar no med den nye 4-årsplanen å jobbe mykje i smågrupper på møta slik at alle må bidra i diskusjonen på nokre områder som t.d fagområde og progresjonsplan.

- **Samarbeid med andre instansar**

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar? Ja / Nei
Dersom ja – kva for?
Bergslia samarbeidar med PPT, barnevern, helsestasjonen, andre barnehagar om ulike opplegg som russ, bading,turar osv. Sunnmørsbadet, Biblioteket og Bergsøy skule. Samt ulike andre gjennom enkelt besøk.

- **Brukarundersøking og vurderingsarbeid**

Vert det gjennomført brukarundersøking? Ja / Nei
Dersom ja – korleis vert den utført, kor ofte, og kva for resultat er komne fram ? (Har de eigne brukarundersøkingar utanom den barnehagane har felles kvart 3 eller fjerde år?)
Bergslia har kvart år foreldreundersøkingar. Det kan då være pratiske spørsmål som innspel på pedagogisk opplegg. Foreldra er flinke til å kome med innspel til tema og ros. Vi undersøkinga ut i slutten av mai og går gjennom den på evalueringsmøtet før ferien.

- **Medverknad**

| | | |
|---|---|---|
| Har alle arbeidstakarar, også vikarar skrive under skjema for teieplikt? | X | |
| Har barnehagen rutinar for å ivareta og følgje opp teieplikta? | X | |
| Er barnehagen trygg på at alle tilsette har ei samla etisk forståing av kva teieplikta inneber? | X | |

Kva konkret gjer du som styrar for å sikre at dei tilsette forstår dette?
Dette verte tatt opp på planleggingsdag på kvart nytt barnehageår. Dette for å sikre at nye personalet får rett forståing samt minne oss andre på kvar den inneber.
Vikarar får orientering når dei skriver under på skjemaet.

## • MELDEPLIKT – OPPLYSNINGSPLIKT til sosialtenesta og barnevern

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar §§ 21 og 22.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har barnehagen rutiner når det oppstår mistanke om omsorgssvikt eller mishandling av barn? | X | |

Sei litt om samarbeidet med barnevernet, går det gjennom tverrfagleg team mest eller tek du og direkte kontakt med barnevernet. Kor mange gongar har du tatt kontakt siste år?

Oftast er det gjennom tverrfageleg team to gongar i året.
Men nokre år har ein tettare samarbeid.
Bergslia har siste året hatt to saker som vi har og samarbeider om.
Den eine saka tok dei kontakt og den andre tok styrar kontakt etter samtaler med helsesøster.

## • ØVINGSOPPLÆRING

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar § 24.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har barnehagen øvingslærarar og studentar frå høgskule? | X | |
| Har barnehagen lærlingar frå vidaregåande skule? | | X |
| Har barnehagen anna form for opplæring av elevar/studentar? | X | |

**Vi samarbeidar med Herøy vidaregåande skule om barnepleie elevane. Dei har opplegg i**

Andre kommentarar til barnehagen sine rammevilkår:

Ein spennande barnehage som må halde på sitt særpreg med å være liten og gi store muligheiter.
Bergslia - på lag med barna er vår visjon.
Vi ligg veldig sentralt i høve flotte Heid turområde, skog, bibliotek, badeland og fotballanlegg samt og til å bruke gymsal osv. Fjøre og sentrum er også innen rekkevidde. Vi har alle muligheiter rundt oss til å gi barna påfyll i opplevingar også utanfor vår barnehage. Dette nyttar vi oss mykje av og det er ein motvekt til at vi har liten plass inne.

Personalet er også på søken etter ny kunnskap og utvikler seg i tiden for å gi barna ei barnehage tid med god kvalitet.

## 16 OPPSUMMERING ETTER DOKUMENTTILSYNET

Oppsummering skjer i samsvar med Lov om barnehagar §16, tilsyn

Tilsynsmakta avdekka område
der det vil bli gitt pålegg om retting av ulovlege forhold(Avvik): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter dokumenttilsynet:
Ein årsplan som definerer klarare sett i lov og rammeplan. Vil gjerne ha planen for organ kby skule spennande med lyttande pedagogikk kan med fordel ha praktiske opplysninger etter pedagogisk dokumentasjon.
Flott med fokus på miljø. Der er de den einaste som gjennomfør gje det. Klarer å presentere kby en positivt vekt lyst til å ha kommet mitt dei

der det vil bli gitt pålegg om retting av uforsvarlege tilhøve(Merknad): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar:
Jobb gjerne med rettskriving, og ver konkret enda meir på kva Tobal kvalitet de dekker på.

Stad/dato:.....

Laila K. Solhaug
.....
Tilsynsmakta si underskrift

.....
Barnehagerepresentanten si underskrift

For ..... barnehage

.....

Dato/ Underskrift:

# VURDERING AV ÅRSPLAN TIL LEIKANGER BARNEHAGE.

Årsplan for Leikanger barnehage 2012 – 2016 . Del 1 . Generell del.
Årsplan for Leikanger barnehage 2015 – 2016 Del 2.Gut eller Jente - eg kan klare alt !

Desse punkta vart vurderte etter skjema 4C Krav til årsplan :

*** Fagområde.**

Den generelle årsplanen innehar to sider med progresjonsplan for dei 7 fagområda. Samt ei side med forklaring til planen og dei ulike fagområde. Her får ein ei forståing og kunnskap om måten å jobbe på samt sikre innsyn i det varierte og allsidige barnehage tilbudet.
Planen er inndelt i 5 ruter etter alder frå 1-6 år. Oversikteleg og konkret kva dei vil gjer innen dei ulike fagområda. Planen går både mot enkelt barnet og gruppa og mykje sosial kompetanse er knytta inn i planen.Under nærmiljø og samfunn så har dei fått med konkrete planer alt frå værte kjent i nærmiljøet med gapahuk til sauene på Kleppane. Der det etter progresjon og alder vert utvida til busstur til Fosnavåg og ting i kommuna, til at Leikanger er ein del av Norge til dei eldste. Ein flott progresjon frå det nære konkrete til dei meir fjærne abstrakte etter alder.
Heile planen er på to sider og då vert det sjølvsagt ei avgrensa område som vert framtrekt. Men synst det viktigaste områda er med på kvart fagområde og den er tydeleg etter alder og utvikling.

*** Korleis jobbe med omsorg, oppseding, leik og læring for å sikre barn gode høve for utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.**

Barnehagen sitt verdigrunnlag der det er tydelege mål for korleis dei ønsker barna i Leikanger barnehage skal ha det er skreve konkret i den generelle planen. Vaksenrolla og korleis dei vil møte barna er også konkret nedfelt og viser korleis dei vil jobbe med omsorg og oppseding. Dette kjem og fram under ei heil side om barnehagen sin pedagogiske ståstad. Kanskje litt mykje tekst og lite konkret alt etter kven lesaren er. For foreldre skulle det kanskje ha vore skreve mindre tekst og meir tydeleg konkret.
Kvardagsaktivietane inneheld leiken si betydning i barnehagen. Der er skreve konkret kva for ein sentral plass frileiken har og betydninga for barna si utvikling.
Del 2 inneheld mange ulike aktivieter som dei skal gjer spesielt for året og tydelege mål og metoder for tema.
Planen viser at dei har konkrete mål og tankar for å sikre barna gode høve for utvikling og aktivitet samt viktigheita av godt foreldresamarbeid.

*** Barn sin medverknad.**

Planen for året innehar om barns medverknad. Det er referert til rammeplanen og barns rett til medverknad. Deretter ein del om at god kommunikasjon og lytting mellom barn og vaksne er dei som personalgruppe bevisste på. Det verte påpeika at det kan være vanskelig i ein travel kvardag og dei vaksne trener på å verte betre lyttarar.

Avsnittet påpeikar viktigheita av barns medvirkning men inneheld ikkje konkret korleis dei legg til rette for medvirkning.

*** Barnehagelova sine avgjerder om innhald skal følgast opp, dokumenterast og vurderast.**

Planen inneheld mykje om innhaldet ein skal jobbe med dette året. Mål og konkret innhald er tydeleg dokumentert. Generell kunnskap samt konkret korleis gå fram er oversikteleg under innhaldet dei har valgt ut. t.d om lesegruppe. Tema etter månad samt meir utfyllande om kvart tema kjem seinare i planen. Dette gir eit innsyn i at barnehagen planlegger systematisk og har målretta kvalitet i den pedagogiske verksemda.

*** Plan for overgong barnehage – skule.**
Handlingsplanen for overgong barnehage /skule er kopiert og lagt ved i den generelle planen. Dette er eit oversikteleg notat for personale og pedagogiske lesarar men kanskje vanskelig for målgruppe foreldra å forstå. Kanskje skulle den ha vore skreve om litt for å nå fleire lesarar. Den kokrete delen for førskuleklubben med konkret innhald for året kjem fram under planen for året. Bading, overnatting, Kjeldsund osv er informativt nedfelt. Nokre barnehagar har dette i ein eigen plan for førskulegruppa som berre dei brukarane får. Dette er ei vurderingssak for kor mykje ein vil ha med i årsplanen. I hverfall flott nedfellt og utfyllande for kva denne gruppa skal gjere dette året.

*** Vurdering i barnehagen.**
Både årsplan del 1 og 2 har med om vurdering i barnehagen. Men den eine har ei meir generell informasjon av viktigheita av vurdering som grunnlag for planlegging og refleksjon. Den planen andre har meir konkret om at det er opplegg og aktiviteter som verte vurderte på møter kvar månad og ei oppmoding til foreldre om å kome med innspel til arbeidet.
Lesar får ei forståing av at det er systematisk observasjon, refleksjon og vurderingsarbeid som legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.

*** Markering av lokale kulturaktivitetar.**
Handlingsplan for samarbeid mellom barnehagen og Leikanger skule er i del 1.
Den viser eit samarbeid om ulike lokale kulturaktivietar som t,d grunnskulefest, påske og jul samt kafedagar.
Den viser at dei har ein konkret samarbeidsplan for kultur og aktivitetar i nærmiljøet.
Ei side omhandler også Ut på tur – aldri Sur . Den kjem også fram ulike turar dei teke i nærmiljøet og at dei er bevisste å lære barna om nærmiljøet og kulturen der.
Førskulegruppa sine turar omhandler også kulturaktivietar.
Planane inneheld ikkje eige avsnitt om kulturaktivitetar men ein finn dei litt innimellom i alt som barnehagekvardagen innheld.

*** Lokale og regionale satsingsområder. Kosthald, Ikt, språk og språkstimulering, matematikk, tydeleg leiing, likestilling og mobbing.**
Kosthald er lite omtala men eige avsnitt om måltid fins i den generelle planen. Det avsnittet går meir på betydninga av sjølvstendigheit og sosial læring som er i måltidet. Kosthald med fokus på sunn mat og betydninga for kroppen er ikkje omtala.
Under satsingsområde i høve den lokale rammeplanen så er avsnitt om danning, ikt – bruk av digitale verkty, mobbing ,språkstimulering, barn med særskilte behov fått plass med kvar sine avsnitt. Oversikteleg og informativt.
Tydeleg kva dei gjer i Leikanger barnehage for å gjere barna kjende med og forebygge dei ulike tema er dokumentert.
Matematikk og tydeleg leiing er ikkje omtala. Men ein finn litt i fagområde og progresjonsplanen tal, rom og form om matematikk.

Dei to planane viser ei tydeleg leiing av ein barnehage med kvalitet sjølv om ikkje det området er spesielt nedskreve. '

Likestilling er satsingsområde og tema vert omtala oversikteleg og tydeleg. Lesaren får bakgrunnen for satsingsområdet, målsettinga med arbeidet og konkret kva handlingsplan ein må gjere for å jobbe målretta mot temaet. Ei og ei halv side syner ein bevisst refleksjon og tankegang for at dette vil ein jobbe med. Ein får konkret informasjon som gir ein nærheit til temaet.

Volda Ørsta Ulstein Hareid Herøy Sande Vanylven

# 4 a).
# Skjema til bruk i arbeidet med kommunen sitt dokumenttilsyn av barnehagar.

DOKUMENTTILSYN I kommunale BARNEHAGAR
EIGAR: Herøy kommune
STYRAR Oddrun Eidem Kleppe
Tlf: 70084664 E-post adr Oddrun.eidem.kleppeeroy.kommune.no

Barnehagen fyller ut dette skjemaet og sender det til barnehageleiar i lag med annan dokumentasjon som det vert spurd etter.

Tidspunkt for dokumenttilsyn: mai-sept 2016
Dokumenttilsynet vart varsla i brev dagsett: 27. april 2016

## 1. BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

| Opplysningar etter Lov om barnehagar § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval |
|---|

**Har barnehagen samarbeidsutval?** (Ja) / Nei
Gi opplysningar om barnehagen sitt samarbeidsutval, med leiar som første namn:

| | Namn | Representerer: (eigar/personale/foreldre) |
|---|---|---|
| Leiar: | Oddhild Dybvik Aas | personale |
| Medlemmar: | Bjørn Inge Taklo | foreldre |
| | Siv Midtlien | foreldre |
| | Marco Dimmen | Eigar (kommunen) |

## A. Samarbeid med foreldre/føresette

Kva for saker vert tekne opp i samarbeidsutvalet?

Fastsetjing av årsplanen. Oppgradering av barnehagen. Utbygging av barnehageområdet/skulen. I tillegg kjem diverse saker som foreldrerepresentantane ynskjer å ta opp.

.....

Kva for saker vert tekne opp i foreldrerådet?

Vi har foreldreråd som etter lova består av alle foreldra. På dei møta går vi gjennom årsplanen og orienterer foreldra om korleis vi jobbar i barnehagen både i høve til tema og kvardagsaktivitetar. Vi snakkar også om kva vi som vaksne legg vekt på i arbeidet med borna. I tillegg tek vi opp saker som foreldra ynskjer å diskutere og foreldra har val av foreldrerådsstyre..

Saker som vert tekne opp i foreldrerådsstyret kan mellom anna vere: Organisering av arrangement for born, foreldre og søsken, foreldredugnad, felles foreldremøte for mange barnehagar ( i 2016), utbygging av skule og grendahus, usikre tider for foreldre med ein del permiteringar, idear til oppgradering av barnehagen. Ein tek opp saker som har med samarbeid mellom barnehage og foreldre å gjere.

.....

Korleis er samarbeidet mellom foreldre og barnehage lagt til rette? Kva for ordningar/rutinar har barnehagen?

Den viktigaste kontakta vi har med foreldra, er hente- og bringesituasjonen. I dei situasjonane legg vi til rette for dagleg samarbeid rundt det einskilde barnet. I tillegg har vi foreldresamtalar kvar haust og elles om det er behov for det.
I tillegg har vi foreldremøte med alle foreldra i september og foreldrerådsstyret har møte 2-4 gongar kvart år. Vi har ein del felles arrangement med born og foreldre: kafedag om hausten, gløggmorgen før jul, søsken- og foreldrefest i mars, sommarfest i juni.
Samarbeidsutvalet har vanlegvis eitt møte var haust.

Har barnehagen system for avviksmeldingar ved skriftlege klager frå foreldra? Ja / (Nei) Kvalitetsklosen
Korleis vert uformelle (ikkje skriftlege) klager frå foreldre handsama? (småting i kvardagen)

Vi har ikkje fått skriftelege klager frå foreldra. I tilfelle vi får det, må vi ta dei vidare til barnehageleiar. Når det gjeld småting i kvardagen, så lyttar vi til foreldra og prøver å ordne opp i problemet der og då. Dersom assistentar får spørsmål frå foreldra som dei ikkje kan svare på, tek dei spørsmålet vidare til styrar eller pedagogisk leiar og så tek dei diskusjonen/ samtalen med foreldra.

# 1. BARNEHAGEN SITT INNHALD

Tema sjåast i samband med § 2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald, om barn sin rett til medverknad §4, samt rammeplanen og barnehagen sin årsplan.

## A. Årsplan og utviklingsarbeid

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Er barnehagen sin årsplan sendt tilsynsmynde? | x | |
| Er årsplan fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval? | x | |
| Har foreldra teke del i/medverka i utviklinga av årsplan? | x. Her kunne vi nok involvere foreldra meir. | x |
| Har foreldra fått utdelt årsplanen? | x | |
| Er barnehagen sine satsingsområde og profil tydelege? | x | |
| Er det nedfelt planar for overgang barnehage- skule i årsplan? | x | |
| Arbeider barnehagen med særskilde prosjekt? | | x. Ikkje prosjekt, men tema. |

Dersom ja – kva for prosjekt?

.....

.....

.....

.....

*Årsplan for barnehagen må senast inn i lag med dette skjemaet.*

Rammeplanen gir retningsliner for barnehagen sitt innhald og oppgåver. **Noter ein kommentar** om innhaldet i årsplanen sett i lys av rammeplanen, for eksempel plan for evaluering, utfordringar i årsplanarbeidet, særskilte tilhøve rundt prosessen, andre ting..

Personalgruppa nyttar mykje tid på å lage årsplan/4-årsplan. Vi nyttar gule lappar og runde rundt bordet for at alle kan kome med det dei meiner er nyttigt i arbeidet med borna. Vi tek også med oss erfaringar frå tidlegare planar og opplevingar frå barnegruppa for å få planane så gode som mogeleg og for å legge vekt på det personalet ser på som borna sine behov. Utfordringar er å få med foreldra. Vi tek sjølvsagt omsyn til innspel foreldra kjem med i samtalar/på møte eller i uformelle situasjonar, men det virkar som foreldra tykkjer personalet kan mest om barnegruppa og arbeidet i barnehagen og at det derfor er vi som har best kompetanse på å lage årsplan. Eg tenkjer at eg skal ta opp dette arbeidet som tema

medvirkning
medbestemmelse

på foreldremøte til hausten. Då høver det godt i og med at vi då har ein ny 4-års plan og vi kan snakke om prosessen fram mot planane.

## B. Samarbeid med andre instansar

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar? Ja / Nei
Dersom ja – kva for?
PPT, barnevern, helsestasjon/helsesøster, skulen, Høgskulen i Volda (student), biblioteket.

.....

## C. Brukarundersøking og vurderingsarbeid

Vert det gjennomført brukarundersøking? Ja / Nei
Dersom ja – korleis vert den utført, kor ofte, og kva for resultat er komne fram ? (Har de eigne brukarundersøkingar utanom den barnehagane har felles kvart 3 eller fjerde år?)

Vi er med på dei felles brukarundersøkingane som kommunen set i gong. I tillegg har vi hatt ei enkel brukarundersøking kvar vår i høve til tema og årsplan. Siste åra har svarprosenten vore svært lav, så vi har planar om å gjere om den undersøkinga, helst i samarbeid med foreldra.

.....

## D. Medverknad

Korleis vert borna sin rett til medverknad teken i vare? Har de konkretisert i årsplan korleis de vil arbeid med å leggje til rette for barn sin rett til medverknad?

I årsplanen har vi skrive om korleis vi jobbar med medverknad. For at borna skal få medverke, må det vere god kommunikasjon mellom borna og dei vaksne. Retten til medverknad krev tid og rom for å lytte og for samtale. Dette kan vere vanskeleg i ein travel kvardag, men vi som personalgruppe er bevisste på den viktige rolla vi har og vi prøver heile tida og verte betre «lyttarar». Dei yngste formidlar synspunkta sine gjennom kroppshladning, mimikk og kjensleuttrykk og dette må vi også vere bevisste på.

.....

## E. Vurdering av eiga verksemd

Vurderer barnehagen si verksemd? Ja / Nei
Korleis?

Opplegg og aktivitetar vert vurdert på personalmøta vi har kvar månad. . På slutten av barnehageåret tek vi ei oppsummering av året som har vore og ser framover mot kva vi skal ta fatt på neste år. Foreldra kan også kome med synspunkt og innspel på foreldremøter, samtalar og brukarundersøking.

.....

## 2. INTERNKONTROLL

Dokumentasjon for internkontrollsystem må visast fram ved tilsynsbesøket.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Viser vedtektene til eller vert denne dokumentasjonen synt til i vedtektene? | x | |
| Er det etablert rutinar for vedlikehald og sikring av bygningar og inventar? | x | |
| Er det etablert rutinar for brannberedskap? | x | |
| Er tidlegare pålegg etterfølgt? | x | x |
| Har barnehagen oversikt og dokumentasjon over farlege produkt og innpakking av desse? | x | |
| Har barnehagen utarbeida og lett tilgjengeleg tryggleiksinstruks? | | x |
| Har barnehagen utarbeida plan og rutinar for sorg og ulukke/sjukdom? | x | |
| Har barnehagen faste rutinar for kontroll av leikeutstyr og leikeplass? Send inn dokumentasjon på dette, sei gjerne noko om utøving av rutinene. | x | |
| Har barnehagen dagleg tilsyn av uteområdet? | x | |
| Er det daglege tilsynet dokumentert og har rutinar for avvik? | x | |
| Er barnehagen sitt fysiske miljø inne og ute til rettelagt for barn med nedsett funksjonsevne? | | x |

Send inn dokumentasjonen de har for system og gjennomføring av sikkerheit av uteleikeplassen (eks på skjema de brukar, kva de ser etter, korleis de fylgjer opp at avvik vert lukka etc.)

## 3. LEIKE OG OPPHALDSAREAL PR BARN

Opplysningane her sjåast i samanheng med det tal på barn som har plass i barnehagen

| | m2 |
|---|---|
| Eigar si vedtektsfesta norm for arealutnytting inne pr barn over og under 3 år. | Over 3 år - Under 3 år<br>4 m2 5,33m2 |
| Barnehagen sitt godkjende leike- og opphaldsareal inne | 135 m2 |
| Barnehagen sitt uteareal (norm ca. 6 ganger innearealet) | |
| Er det endringar i bruk av arealet sidan godkjenning / forrige tilsynsbesøk? | Ja Nei<br>X ikkje<br>sidan siste tilsynsbesøk. |

I tilfelle kva for endringar?

.....

## 4. OPPLYSNINGAR OM BARNA

Opplysningane hentast inn med heimel i Lov om barnehagar § 8 og sjåast i samanheng med barnehagen si årsmelding/søknad om statstilskot.

| Kor mange barn u. 3 år – o. 3 år | | Kor mange 1/1 plassar u. 3 år – o. 3 år | | Kor mange tilsette er knytt til avdelingane samla - tal på årsverk | | Andre tilsette Kor mange årsverk Vaktm-reinh-andre | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 8 | 16 | 7.4 | 14,2 | 7 tilsette | 5,5 årsverk | 0,20 | | |

Eventuell kommentar til tabellen over:
Dersom vi gangar plassane under 3 år med 2, så har vi no 29 plassar i barnehagen.

.....

**Opplysningane vert samanfatta her: ( barnehagen fyller ut) Gjeld barnehageåret 2015/2016**

| Opphaldstid | 0 – 3 år | 3 – 6 år | Tilsynsmakta si omrekning til tal på standard barnehageplassar |
|---|---|---|---|
| 17 – 24 t | | | |
| 25 – 32 t | 1 (60%) | 1 (60%) | 1,8 |
| 33 – 40 t | | | |
| 41 t eller meir | 7 14 | 15 15 | 13,6 + 13,6= 27.2 Dette forstod eg ikkje heilt. Ring om de lurer på noko. |

Ein heil plass for barn over 3 år er ein standard barnehageplass

29 + 1,8 = 31,8 ÷ 4d. plassar

## 5. PRIORITET VED OPPTAK ELLER VEDTAK OM RESSURS ETTER OPPTAK

| | Tal | Ressurs |
|---|---|---|
| Tal på born med nedsett funksjonsevne som er tatt opp etter § 13 | 0 | |
| Tal på born med nedsett funksjonsevne der diagnose er sett etter at dei har fått barnehageplass | 1 Vi har ikkje diagnose, men barnet er oppmeld til m.a. PPT. | |
| Tal på barn med rett til tiltak etter Opplæringslova § 5.7. | 0 | |
| Tal på fleirkulturelle/fleirspråklege born ? | 0 | |
| Tal på fleirkulturelle/fleirspråklege born med morsmålsressurs? | 0 | |

## 6. BARNEHAGEN SI BEMANNING

Opplysningane knytast til Lov om barnehagar § 17-24
Opplysningane sjåast i samanheng med barnehagen sin sist innsende årsmelding.

Spørsmål: ( set ring rundt ja eller nei – set inn tal i ruta )

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Har barnehagen dagleg leiar/styrar med førskulelærarutdanning eller anna høgskuleutdanning som gjev barnefagleg og pedagogisk kompetanse? | Ja | Nei | Tal årsverk 1 | Tal pers 1 |
| Har barnehagen førskulelærar eller tilsette med anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk i alle stillingane for pedagogisk leiar? | Ja | Nei | 1,5 | 2 |
| Er det eventuelt tilsett personar med dispensasjon frå utdanningskravet i nokre av dei nemnde stillingar? | Ja | Nei | | |
| Har de søkt og fått dispensasjon for alle tilsette som ikkje har godkjend utdanning i stilling som førskulelærar/pedagogisk leiar. | Ja | Nei | | |
| Er det fleire førskulelærarar i barnehagen? | Ja | Nei | | |
| Kva er grunnbemanninga i barnehagen?<br>Kor mange stillingar har de utanom styrar og pedagogiske leiarar? | | | 5,5<br>3 | 7<br>4 |
| Har barnehagen ekstra bemanning grunna barn med nedsett funksjonsevne? | Ja | Nei | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kva for vikarordning har barnehagen? Nyttar de vikarar og korleis? Kva for reglar gjeld for vikarbruk?<br><br>Vi har tre tilkallingsvikarar, i tillegg har vi nokre med 60% stilling som vi kan nytte som vikarar av og til. Vi vurderer alltid vikarbruk før vi nyttar vikar. | Ja | Nei | | |
| Har barnehagen øvingslærarar? | Ja | Nei | | 1 |

Vurderer du vikarbehovet utfrå forsvarlegheitsprinsippet?
Korleis fungerer dette? Eg vurderer det utfrå forsvarligheitsprinsippet, men av og til også utifrå slitasjen på dei andre tilsette. Dersom dei som er i barnehagen heile tida må ta ekstra tak av di vi manglar tilsette og borna skal ha eit godt tilbod, kan det føre til meir fråvær å sikt.

**Opplysningar om barnehagen sitt personale: (Eller på eige ark)**

| Namn | Stilling | Utdanning | Stillingsstorleik |
|---|---|---|---|
| Oddrun Eidem Kleppe | styrar | barnehagelærar | 100% |
| Oddhild Dybvik Aas | Ped.leiar | barnehagelærar | 100% |
| Inger Nerlid Vatne | Ped.leiar | barnehagelærar | 50% |
| Randi Rødvik | Fagarbeidar | Fagbrev barne- og ungdomsarbeidar | 100% |
| Aud Langberg Notøy | assistent | | 60% |
| Margrete Rødvik | assistent | | 60% |
| Vigdis F. Sandvik | assistent | | 60% |
| Vakanse<br>Laila Vattøy | Vigdis sa opp 20% av si stilling hausten 2015. Fram til jul, sto den utan tilsett. Etter jul har Laila Vattøy hatt jobben. Den går frå hausten saman med ei 60% ledig stilling. | | 20% |
| | | | |

| | | |
|---|---|---|
| barnehagen? | | |
| Vert det gjennomført rettleiing/har de rutinar for rettleiing? | x | x |
| Har barnehagen eigen kompetanseplan? | | x |
| Er det sett i gang tiltak for å betre arbeidsmiljøet? | | x |

Korleis vert medbestemming for personalet gjennomført?: Vi har ped.leiarmøte kvar tysdag der vi diskuterer og bestemmer ulike ting. I tillegg får personalet vere med å bestemme på personalmøta. Dei har også ulike oppgåver som dei får planlegge og bestemme over sjølve.

.....

Kor stort sjukefråvær hadde barnehagen sist kalenderår?: 6,47 (2015) %

## 15 STYRAR SIN EIGENVURDERING AV BARNEHAGEN

| |
|---|
| Er barnehagen brukarvenleg: born/alder/opphaldstid. Ja. Vi prøver å vere felksible og ta omsyn til borna og foreldra sine behov. |
| Har de gode vikarordningar : I år har vi hatt større behov for vikarar enn elles, men det har gått greitt. |
| Barnehagen sitt fysiske miljø: Vi held til i gamle lokale som i utgangspunktet ikkje skulle vere barnehage, så det fysiske miljøet er ikkje på topp. Mellom anna er her lite dagslys. |
| Uteområdet, brukarvenleg: Uteområdet er heilt greitt, men oppgangen til uteområdet er ikkje så bra. Vi må gå ei lang trapp eller ein gangveg som om vinteren ikkje er brukande grunna snø og is. Uteområdet ligg også slik til at vi ikkje ser det frå barnehagen. |
| Internkontrollrutinar: gode. |
| Ventelister/dekningsgrad: no har vi ikkje ventelister. Til hausten får vi litt ledige plassar. |
| Opplysningsplikt til barnevernet – rutinar - §22: Alle tilsette veit om opplysningsplikta og kva dei skal gjere om dei har mistanke om at born ikkje har det så bra. |
| Økonomi, framtid og tryggleik: Den kommunale økonomien er ikkje så bra, men vi har greidd oss hittil. Det ser ut til at vi vert her i framtida og det vil nok krevje ein del oppgradering. Vi meiner vi har ein trygg og god barnehage. |
| Andre kommentarar til barnehagen sine rammevilkår: |

## 16 OPPSUMMERING ETTER DOKUMENTTILSYNET

Oppsummering skjer i samsvar med Lov om barnehagar §16, tilsyn

Tilsynsmakta avdekka område

- der det vil bli gitt pålegg om retting av ulovlege forhold(Avvik): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter dokumenttilsynet:
Barnehagen framstår som ein veldriven barnehage med tydeleg leiing i samsvar med lovverket.

- der det vil bli gitt pålegg om retting av uforsvarlege tilhøve(Merknad): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar:
Sjå over.

Stad/dato: Fosnavåg

Laila K. Solhaug
Tilsynsmakta si underskrift

Barnehagerepresentanten si underskrift

For Leikanger barnehage

Dato/ Underskrift:

# 4 a).

# Skjema til bruk i arbeidet med kommunen sitt dokumenttilsyn av barnehagar.

DOKUMENTTILSYN I kommunale BARNEHAGAR
EIGAR: Herøy kommune
STYRAR. Unni Haugland
Tlf: 95022621 E-post adr: unni.haugland@heroy.kommune.no

Barnehagen fyller ut dette skjemaet og sender det til barnehageleiar i lag med annan dokumentasjon som det vert spurd etter.

Tidspunkt for dokumenttilsyn: mai-sept 2016
Dokumenttilsynet vart varsla i brev dagsett: 27. april 2016

## • BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

| |
|---|
| Opplysningar etter Lov om barnehagar § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval |

**Har barnehagen samarbeidsutval?** Ja / Nei

Gi opplysningar om barnehagen sitt samarbeidsutval, med leiar som første namn:

| | Namn | Representerer: (eigar/personale/foreldre) |
|---|---|---|
| Leiar: | Heidi Tarberg | Foreldre |
| Medlemmar: | Camilla Sydhagen | Foreldre |
| | Ann-Jorunn Hammervold | Personal |
| | Unni Haugland | Eigar |
| | Alis Grete Nerlid | Kommunen |

- **Samarbeid med foreldre/føresette**

Kva for saker vert tekne opp i samarbeidsutvalet?
- Godkjenning av årsplanen
- Dispensasjon for førskulelærar som vart gitt til Gunn-Janne K. Moltu
- Bruk av pengar som foreldra har samla inn til tur, leikemateriell osv

Kva for saker vert tekne opp i foreldrerådet?
Ingen med det vi veit. Det har ikkje våre møte i foreldrerådet.

Korleis er samarbeidet mellom foreldre og barnehage lagt til rette? Kva for ordningar/rutinar har barnehagen?
Samarbeidet mellom foreldre og barnehage er lagt til sette ved å ha ein god dialog med foreldra ved hente- og brinesituasjonar. Vi kallar inn ti foreldresamtale 1-2 gongar i året og det er også mogleg for foreldra å be om samtale. Vi har foreldremøte 1-2 gongar i året samt samarbeidsutvalgmøte ved behov, minst 1 gong i året.

Har barnehagen system for avviksmeldingar ved skriftlege klager frå foreldra? **Ja** / Nei
Korleis vert uformelle (ikkje skriftlege) klager frå foreldre handsama? (småting i kvardagen)
Uforemlle klagar frå foreldra kjem oftast i hente- og bringesituasjonar eller i samtalar med foreldra. Vi takkar for alle tilbakemeldingar og tek dei til etteretnin. Informerar resten av personalet eller andre som kan ha nytte av tilbakemeldinga.

## 1. BARNEHAGEN SITT INNHALD

Tema sjåast i samband med § 2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald, om barn sin rett til medverknad §4, samt rammeplanen og barnehagen sin årsplan.

### A. Årsplan og utviklingsarbeid

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Er barnehagen sin årsplan sendt tilsynsmynde? | X | |
| Er årsplan fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval? | X | |
| Har foreldra teke del i/medverka i utviklinga av årsplan? | X | |
| Har foreldra fått utdelt årsplanen? | X | |
| Er barnehagen sine satsingsområde og profil tydelege? | X | |
| Er det nedfelt planar for overgang barnehage- skule i årsplan? | X (I vedlegget praktisk informasjon) | |
| Arbeider barnehagen med særskilde prosjekt? | | X |

Dersom ja – kva for prosjekt?
.....
.....
.....
.....

*Årsplan for barnehagen må sendast inn i lag med dette skjemaet.*
Rammeplanen gir retningsliner for barnehagen sitt innhald og oppgåver. **Noter ein kommentar** om innhaldet i årsplanen sett i lys av rammeplanen, for eksempel plan for evaluering, utfordringar i årsplanarbeidet, særskilte tilhøve rundt prosessen,
andre ting..

Innholdet i årsplanen:
Årsplanen til Moltu barnehage blir utarbeidet for å gjelde to barnehageår om gangen. Den er tuftet på rammeplanens mål, innhold og oppgaver med tanke på å skape kvalitet i det daglige arbeid. Hovedsatsningsområdene blir bestemt i samarbeid med de kommunale barnehagene i Herøy. I tillegg så har Moltu Barnehagen nedfelt sin pedagogiske forankring i et hefte som bl.a. gir foreldrene innsikt i personalets mål og arbeidsmetoder med de ulike fagområdene. Man forsøker å etterkomme rammeplanens mål og oppgaver, men det må erkjennes at det personalet ikke rekker å arbeide med alt en skulle ønske, mye grunnet at det er uoverkommelig med tanke på tid. Barnas daglige innspill på hva de er opptatt av og viser interesse for påvirker også hva personalet retter et særlig fokus på i arbeidet med de ulike fagområdene.
Når det gjelder å innfri målsettinger som er satt i årsplanen så opplever personalet utofrdringer med tanke på å tilrettelegge for en barnegruppe som har stor aldersspredning. Personalet bruker mye tid på å tilpasse innholdet i det pedagogiske arbeidet ut fra utiklingsnivået til det enkelte barn.

Plan for evaluering:
Arbeidspraksisen til personalet blir evaluert fortløpende etter behov. Ellers så har vi en gjennomgang av pedagogisk opplegg og aktiviteter på personalmøtene hver 6 uke. Da evalueres hva som fungerte og ikke, samt hva som bør gjøres annerledes neste gang.

Barnas utviklingsnivå blir også jevnlig evaluert, da særlig med tanke på å legge til rette for videre utvikling. Er det kunnskaper og ferdigheter som personalet opplever som "mangelfulle", så blir det tatt i betraktning i den videre planleggingen av temaarbeid, aktivteter og opplegg.

Personalet blir utfordret til å reflektere over egen praksis. Særlig når det gjelder hvordan man samhandler med barna, tilrettelegger aktivteter ut i fra barnas ståsted utviklingsmessisg, samt hvordan man håndterer konfliksituasjoner.

Barnehagen får også tilbakemeldinger fra foreldrene, både ris og ros, under foreldresamtaler og i den daglige kontakten. Disse tilbakemeldingene blir tatt opp blant personalet for vi forsøker å etterkomme eventuelle endringer på innhold og rutiner så langt det lar seg gjøre.

Barnehagen får også et innblikk i hva brukerne av barnehagen mener om kvaltiteten gjennom brukerundersøkelsen til kommunen. Brukerundersøkelsen har vært og er et arbeidsdokument som personalet tar med seg i planleggingen av det pedagogiske arbeidet.

Personalet forsøker også å synliggjøre vår praksis gjennom dokumentasjon. Det kan for eksempel være ved å sende ut månedsbrev, fotoplansjer over turer, aktiviteter og læringsopplegg, samt vise frem barnas prosessprodukter i barnehagen.

Utfordringer i årsplanarbeidet:
Det er utfordrende å legge til rette for at alle i personalgruppen, samt foreldrene, kan være med på hele årsplansarbeidet. Årsplanene blir i hovedsak utarbeidet av styrer og pedagogisk leder, men da med innspill fra det øvrige personalet og foreldre underveis.

### B. Samarbeid med andre instansar

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar? **Ja** / Nei
Dersom ja – kva for?
Barnehagen samarbeidar med PPT, barnevern og helsestasjonen. Både kvar for seg og i i tverrfaglegteam. Vi tek kontakt med instansane for råd og veiledning og ved bekymring ovanfor barna. Vi samarbeidar også med skulen i forhold til overgang for førskulebarna.

### C. Brukarundersøking og vurderingsarbeid

Vert det gjennomført brukarundersøking? **Ja** / Nei
Dersom ja – korleis vert den utført, kor ofte, og kva for resultat er komne fram ? (Har de eigne brukarundersøkingar utanom den barnehagane har felles kvart 3 eller fjerde år?)
Vi har brukarundersøking i regi av kommuna der den siste var i 2014. Denne viste godt resultat.

### D. Medverknad

Korleis vert borna sin rett til medverknad teken i vare? Har de konkretisert i årsplan korleis de vil arbeid med å leggje til rette for barn sin rett til medverknad?
Vi har skreve om barns medvirkning og kolreis vi vil arbeide med dette i vedlegget pedagogisk forankring.

### E. Vurdering av eiga verksemd

Vurderer barnehagen si verksemd? **Ja** / Nei
Korleis?
Barnehagen vurderar planar fortløpande på vekesbrev. Dette går også ut til foreldra. Planar osv blir også evaluert på personalmøter og pedagogmøtar. Foreldra får også kome med tilbakemeldingar gjennom foreldresamtalar og foreldremøter.

## 2. INTERNKONTROLL

Dokumentasjon for internkontrollsystem må visast fram ved tilsynsbesøket.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Viser vedtektene til eller vert denne dokumentasjonen synt til i vedtektene? | X | |
| Er det etablert rutinar for vedlikehald og sikring av bygningar og inventar? | X | |
| Er det etablert rutinar for brannberedskap? | X | |
| Er tidlegare pålegg etterfølgt? | X | |
| Har barnehagen oversikt og dokumentasjon over farlege produkt og innpakking av desse? | X | |
| Har barnehagen utarbeida og lett tilgjengeleg tryggleiksinstruks? | X | |
| Har barnehagen utarbeida plan og rutinar for sorg og ulukke/sjukdom? | X | |
| Har barnehagen faste rutinar for kontroll av leikeutstyr og leikeplass? Send inn dokumentasjon på dette, sei gjerne noko om utøving av rutinene. | X | |
| Har barnehagen dagleg tilsyn av uteområdet? | X | |
| Er det daglege tilsynet dokumentert og har rutinar for avvik? | X | |
| Er barnehagen sitt fysiske miljø inne og ute til rettelagt for barn med nedsett | | X |

| | | |
|---|---|---|
| funksjonsevne? | | |

Send inn dokumentasjonen de har for system og gjennomføring av sikkerheit av uteleikeplassen (eks på skjema de brukar, kva de ser etter, korleis de fylgjer opp at avvik vert lukka etc.)

## 3. LEIKE OG OPPHALDSAREAL PR BARN

Opplysningane her sjåast i samanheng med det tal på barn som har plass i barnehagen

| | m2 |
|---|---|
| Eigar si vedtektsfesta norm for arealutnytting inne pr barn over og under 3 år. | Over 3 år - Under 3 år<br>4m2 5,33m2 |
| Barnehagen sitt godkjende leike- og opphaldsareal inne | 119,7 m2 |
| Barnehagen sitt uteareal (norm ca. 6 ganger innearealet) | |
| Er det endringar i bruk av arealet sidan godkjenning / forrige tilsynsbesøk? | Ja **Nei** |

I tilfelle kva for endringar?

.....

.....

.....

.....

## 4. OPPLYSNINGAR OM BARNA

Opplysningane hentast inn med heimel i Lov om barnehagar § 8 og sjåast i samanheng med barnehagen si årsmelding/søknad om statstilskot.

| Kor mange barn u. 3 år – o. 3 år | | Kor mange 1/1 plassar u. 3 år – o. 3 år | | Kor mange tilsette er knytt til avdelingane samla - tal på årsverk | | Andre tilsette Kor mange årsverk Vaktm-reinh-andre | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | 11 | 5 | 10 | | 4,22 | | 0,22 | |

Eventuell kommentar til tabellen over:

.....

.....

.....

**Opplysningane vert samanfatta her: ( barnehagen fyller ut) Gjeld barnehageåret 2015**

| Opphaldstid | 0 – 3 år | 3 – 6 år | Tilsynsmakta si omrekning til tal på standard barnehageplassar |
|---|---|---|---|
| 17 – 24 t | | | |
| 25 – 32 t | | 1 | |
| 33 – 40 t | | | |
| 41 t eller meir | 5 | 10 | 10,6 + 10 = 20,6 |

Ein heil plass for barn over 3 år er ein standard barnehageplass

## 5. PRIORITET VED OPPTAK ELLER VEDTAK OM RESSURS ETTER OPPTAK

| | Tal | Ressurs |
|---|---|---|
| Tal på born med nedsett funksjonsevne som er tatt opp etter § 13 | 0 | |
| Tal på born med nedsett funksjonsevne der diagnose er sett etter at dei har fått barnehageplass | 0 | |
| Tal på barn med rett til tiltak etter Opplæringslova § 5.7. | 0 | |
| Tal på fleirkulturelle/fleirspråklege born ? | 0 | |
| Tal på fleirkulturelle/fleirspråklege born med morsmålsressurs? | 0 | |

## 6. BARNEHAGEN SI BEMANNING

Opplysningane knytast til Lov om barnehagar § 17-24
Opplysningane sjåast i samanheng med barnehagen sin sist innsende årsmelding.

Spørsmål: ( set ring rundt ja eller nei – set inn tal i ruta )

| | Ja | Nei | Tal årsverk | Tal pers |
|---|---|---|---|---|
| Har barnehagen dagleg leiar/styrar med førskulelærarutdanning eller anna høgskuleutdanning som gjev barnefagleg og pedagogisk kompetanse? | | | 1 | 1 |
| Har barnehagen førskulelærar eller tilsette med anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk i alle stillingane for pedagogisk leiar? | ~~Ja~~ Ja | Nei | ~~1~~ 1 | ~~1~~ 1 |
| Er det eventuelt tilsett personar med dispensasjon frå utdanningskravet i nokre av dei nemnde stillingar? | Ja | **Nei** | | |
| Har de søkt og fått dispensasjon for alle tilsette som ikkje har godkjend utdanning i stilling som | Ja | Nei | | |

## 16 OPPSUMMERING ETTER DOKUMENTTILSYNET

Oppsummering skjer i samsvar med Lov om barnehagar §16, tilsyn

Tilsynsmakta avdekka område
der det vil bli gitt pålegg om retting av ulovlege forhold(Avvik): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter dokumenttilsynet:
Oversiktlege og aktive planar i samsvar med lovverket (med nokre mangla). Planane omtalar sosial kompetanse, men ser gjerne at planane seier noko om førebygging av mobbing.
- Årsplanen skal seie noko om og vise til plan for oregon by/skule – denne planen er det ikkje vist til.
- Var meir tydeleg på kva personalet er forplikta til å halde lovverket. Ikkje bruk uttrykk som "prøver å" Presenter gjerne fagområda samla og husk å ta med ev progresjonsplan neste gong.

der det vil bli gitt pålegg om retting av uforsvarlege tilhøve(Merknad): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar:

Stad/dato: 19/6 - 2018

Laila K. Solhaug
Tilsynsmakta si underskrift

Unn Haugland
Barnehagerepresentanten si underskrift

For Moltu barnehage

Dato/ Underskrift:

Dokumenttilsyn frå Myrsnipa barnehage

Tilsyn på Moltu barnehage sin årsplan for barnehageåret 2015/2016.

Moltu barnehage har 3 dokument som eg har vurdert til å høyre saman under «årsplan».

1. Praktisk informasjon
2. Moltu barnehage sin pedagogiske forankring
3. Årsplan for Moltu barnehage, barnehageåra 2014 – 2016.

**Område 1: Fagområda**

Dei 7 fagområda er godt omtalt i heftet om pedagogisk forankring. Dei kunne kanksje stått samla, slik at det kom tydeleg fram at dette er dei 7 fagområda.
Eg finn ingen progresjonsplan for fagområda i høve alder og utvikling, og eg finn heller ingen ting i korleis fagområga er tilpassa barn/barnegruppa. Det blir svært generelt, og det er vanskeleg å sjå korleis fagområda blir konkret jobba med i denne barnehagen.

**Område 2: Omsorg, oppseding, leik og læring:**

2 døme frå planen: « personalet vil etter beste evne…» «Vi kan ikkje oppdra barn slik vi sjølv er blitt oppdratt»

I følgje Rammeplanen står det tydeleg kva som er personalet sitt ansvar – og det er « personalet skal og må….». Så eg tenkjer at årsplanen kunne vore tydelegare på dette – det igjen vil vise kven Moltu barnehage er.

Litt negativt fokus under leik, noko de sjølv ein annan plass i planen framhevar at det er viktig å fokusere på meistring….

Eg saknar å lese om korleis de vil jobbe med dette. Blir for generelt.

**Område 3: barn sin medverknad**

Eg finn berre litt i årsplanen om barn sin medverknad. Der er eit kap. om barnegruppens medvirking, med under metode vil ikkje eg seie at eg finn noko om KORLEIS. Dei skriv om planar dei heng opp til foreldra i garderoben ( pedagogisk forankring). Setninga» ved å gi barne fleire valgmuligheter til aktivitetar og ved at personalet åpner for innspill frå barna vil de få større medvirkning på hverdagen sin» blir for enklet i høve krav i Rammeplanen.

**Område 4: Dokumentasjon og vurdering av innhald**

Planen viser til mykje som er viktig å vurdere, men eg finn ikkje om dei faktisk gjere det. Det blir svært genrelt, men klare ikkje å finne ut noko fast dei gjer – noko dei ser

fungerer.
Kartleggingsverktøya for å kartlegge barn si utvikling er skreve om, men lite om kva metodar de brukar for å kartlegging/ dokumentere i høve dei vaksne sitt arbeid med borna.

**Område 5: overgang barnehage – skule**

Det er ok det som er skreve, men saknar at de ikkje viser til den kommunale planen vi har.

**Område 6: Korleis vurderinga av barnehagen sitt arbeid blir gjennomført.**

Litt for generelt ? Kven skal sikre at dette faktisk blir gjort. Korleis gjer de det?

**Område 7: Markering av lokale kulturaktivitetar**

Dette er med i planen.

**Område 8: regionale satsingsområde**

Moltu sin årsplan seier noko om IKT og digital kompetanse, og matematikk. Dei andre områda er ikkje nemnt.

**Likestilling og mobbing:**

Politiarbeid på stedet er en del av **Nærpolitireformen,** og er et skritt i retning av en mer **enhetlig og standardisert polititjeneste**

# Prosjektet skal innføre ulike oppgaver og organisatoriske tiltak

**Bruk av mobile enheter**

**Lydavhør på stedet**

**Sporsikring på stedet**

**Vurdering av innkomne straffesaker**

**Faste tilbakemeldings-møter**

**Etterforsknings-patrulje**



HERØY KOMMUNE

# VANYLVEN KOMMUNE
Servicetorget

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5

6060 HAREID

| *Saksnr* | *Løpenr/Arkiv* | *Dykkar ref.* | *Avd/Saksansvarleg* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2013/104 | 7184/2016 / 026 | | SER / NORAND | 24.10.2016 |

## MELDING OM VEDTAK

## Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid

Kommunestyret handsama i møte den 18.10.2016 – sak 129/2016. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Vanylven kommune stiller til disposisjon to stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at stillingane/IKT-konsulentane vert leigd ut.
2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
Konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.*

Kopi til:
ULSTEIN KOMMUNE
SANDE KOMMUNE
HERØY KOMMUNE
VOLDA KOMMUNE
ØRSTA KOMMUNE
Andreas Chr. Nørve
Guttorm Rimstad
Dag Olav Molvik
Hallvard Takset
Sigrid Marie Lillebø

# VANYLVEN KOMMUNE

## SAKSFRAMLEGG

| *Saksnr:* | *Arkiv:* | *Avd/Saksansv:* |
|---|---|---|
| 2013/104 | 026 | RÅD/NYGANE |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 169/2016 | Formannskapet | 20.09.2016 |
| 132/2016 | Kommunestyret | 18.10.2016 |

# Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid

## Tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Vanylven kommune stiller til disposisjon to stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at stillingane/IKT-konsulentane vert leigd ut.
2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.

## Samandrag av saka:

Det er føreslege å samle IKT-drifta for kommunane på Søre Sunnmøre i eit interkommunalt selskap som skal avløyse Hareid som vertskommune.

## Saksopplysningar:

Stadig fleire av databasene og applikasjonane vert drifta frå felles IKT driftssenter for dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. Forslaget som no ligg føre er ei vidareføring av den driftsmodellen som er etablert. Det nye er i hovudsak at ein samordnar drifta under felles leiing og organiserer dette under eit selskap som avløyser Hareid som vertskommune. Det er utarbeidd ein tenesteleveranseavtale som sikrar ansvar og oppfølging av datadrifta frå dette senteret i den enkelte kommune. Modellen skal sikre stordriftsfordelar på både investering og drift, og det skal i tillegg til tilsette på sentralen vere IKT-personell ute i den enkelte kommune. Modellen byggjer på at kommunane overfører sine IKT-stillingar til det interkommunale selskapet som syt for IKT-drifta i alle kommunane. Det er i dag 19 stillingar til saman. Behovet

i den nye organisasjonen er kalkulert til 18 stillingar inklusive dagleg leiar. Det er forventa at ein etter ein etter etablering og implementeringsfase på 2 - 3 år kan ta ut effekt ved reduksjon i bemanning. Dette vil i så fall skje etter ein plan og ved naturleg avgang eller overføring til andre ledige stillingar i kommunane. Stillingane/drifta i IKT-selskapet vert fordelt på kommunane etter ein fastsett utrekningsnøkkel.
I modellen er det lagt opp til eit skilje mellom strategi (bestilling) og drift (utføring). Samtidig vil det vere behov for nært samarbeid mellom desse funksjonane.

Innhaldet i saksutgreiinga er delvis henta frå Volda kommune si saksutgreiing.

## Vurdering og konklusjon:

Det digitale samfunnet vil berre utvikle seg vidare på stadig fleire område. Dette gir moglegheit til å utvikle tenestene overfor innbyggjarane, samtidig som det opnar for smartare og rimelegare måtar å administrere oppgåvene på. For å kome dit må ein sikre den grunnleggjande drifta. Rådmannen meiner at den interkommunale driftsmodellen som er etablert på Søre Sunnmøre er nødvendig for at vi skal greie å vere operative og ha sikker drift på IKT-sida. Dette gir også grunnlag for eit fagleg miljø der vi kan få til utvikling i lag. Kommunane leverer dei same tenestene, og det er mykje å hente på å drive felles utviklingsarbeid og samarbeide om dei same programvarene og korleis ein skal organisere arbeidet for å få effekten ut av dei i drift og tenesteyting.

Dei andre kommunane, med moglegvis eit unntak som vil halde igjen ei stilling lokalt, vil overføre alle IKT-stillingane i selskapet. I rådmannsgruppa vart det drøfta at ei heil stilling for IKT-strategisk arbeid kan vere for høgt dimensjonert for ein kommune, og at dette er ein ressurs ein bør samarbeide om. Rådmannen foreslår derfor at alle IKT-stillingane i Vanylven kommune inngår i felles drift.

Kommunane bør utvikle felles strategi på korleis ein skal møte det digitale samfunnet, og korleis ein skal møte innbyggjarane for å få tidsmessige tenester og gjennom digitale vaner forenkle tenesteytinga og sakshandsaminga i kommunane. IKT er ein innsatsfaktor for å utvikle tenesteytinga og redusere driftskostnadene til kommunane. I land som t.d Danmark, men også i større byar her i landet, har ein kome lenger i denne utviklinga. Erfaringa viser at ein må auke utgiftene til IKT for å ta ut effekten i administrasjon og tenesteyting. Slik rådmannen ser det vert Vanylven kommune nødt til å auke ressursane på IKT-området i åra framover. Saman med dei andre kommunane ser rådmannen det som viktig å byggje opp kapasitet også på strategisk utvikling for å analysere, ta rette val og sikre gevinstrealisering. Den strategiske IKT-ressursen bør koplast til tenestemiljøa på tvers av kommunegrensene og setje utviklingsarbeidet i system og sikre kontinuitet.

Rådmannen innser at skal ein fullt og heilt med i det interkommunale samarbeidet, så må alle dei faste stillingane innanfor IKT stillast til disposisjon for felles drift. På den andre sida ser rådmannen behov for at kommunane i samarbeid byggjer opp strategisk IKT-kapasitet. I ei mellomfase meiner rådmannen dette må løysast gjennom pragmatisk ved ikkje for sterkt skilje mellom drift og strategisk arbeid. Det må uansett vere bruer i mellom. Med det behovet som vil kome framover for å ta i bruk IKT-verkty i den strategiske utviklinga, så vil det i dei komande åra verte behov for å byggje opp utviklingskapasitet på IKT-sida.

Rådmannen rår til at Vanylven kommune deltek i den vidare utviklinga av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid) og sluttar seg til endring av selskapsstruktur der ein avløyser vertskommune til fordel for eit interkommunalt selskap som får ansvar for drifta av IKT i alle 7 kommunane under ei samla leiing. Vanylven kommune leiger ut to IKT-stillingar til det interkommunale selskapet frå 1. januar 2017.

Kommunestyret vil få denne saka i to omgangar. I denne saka får kommunestyret orientering om organiseringa og gjer prinsippvedtak om deltaking. I den seinare sak vil det verte lagt fram sak om godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av det interkommunale selskapet og oppheving av vertskommuneavtalen med Hareid kommune.

## Miljøkonsekvensar:

IKT er ein viktig innsatsfaktor for utvikling av velferdsteknologi i helsetenestene. IKT er eit dagleg arbeidsverkty for neste alle tilsette i kommunen. Det er viktig for arbeidsmiljøet og effektiviteten i organisasjonen at drifta av IKT fungerer godt.

## Økonomiske konsekvensar:

Samling av driftspersonellet under felles leiing i eit interkommualt selskap vert gjennomført med ei stilling færre samla sett for dei 7 kommunane. For dei kommunane som går inn med sine IKT-stillingar skal endringa i prinsippet ikkje medføre vesentleg auka utgifter. IKT som innsatsfaktor vil måtte prioriterast for å kunne ta ut effekt i administrasjon og tenesteproduksjon. Det vil verte utarbeidd budsjett for den interkommunale drifta seinare i haust.

## Beredskapsmessige konsekvensar:

IKT- funksjonen er representert i kommunen si kriseleiing. Dette må ivaretakast vidare gjennom det interkommunale samarbeidet.

Fiskå, 07.09.2016

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Ane Malene Søvik Nygård
rådgjevar

**Handsaming i formannskapet:**

**Samrøystes tilråding som framlegget.**

**VEDTAK:**

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Vanylven kommune stiller til disposisjon to stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at stillingane/IKT-konsulentane vert leigd ut.
2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.

**Handsaming i kommunestyret:**

**Samrøystes vedtak som framlegget.**

**VEDTAK:**

1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Vanylven kommune stiller til disposisjon to stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at stillingane/IKT-konsulentane vert leigd ut.
2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.

# VANYLVEN KOMMUNE
Servicetorget

R - fse/lest

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
26 OKT. 2016
Ark.kode P
Ark.kode S
Dok.nr.
Kassasjon

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520

6404 MOLDE

| *Saksnr* | *Løpenr/Arkiv* | *Dykkar ref.* | *Avd/Saksansvarleg* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2012/571 | 7163/2016 / 002 | | SER / NORAND | 24.10.2016 |

## MELDING OM VEDTAK

## Kommunereform - retningsval for Vanylven kommune, ny handsaming

Kommunestyret handsama i møte den 18.10.2016 – sak 125/2016. Følgjande vedtak vart fatta:

Kommunestyret tek til vitande:

1. Folkerøystingane rår til at Vanylven vert ein del av ein større kommune i lag med kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

2. Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Vanylven held fram som eigen kommune, men då under føresetnad av at ein eller fleire av dei større nabokommunane kan vere tenesteleverandør på oppgåver som Vanylven manglar.

Vedtak:

Vanylven kommune ynskjer å arbeide for ein kystkommune med utgangspunkt frå Vågsøy til Hareid. Ordføraren må ha ein tett dialog med forhandlingsutvalet i det vidare arbeidet, og kommunestyret må få god informasjon

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.*


Postadresse: Rådhuset 6143 FISKÅ
postmottak@vanylven.kommune.no
Telefon: 70030000
Telefaks: 70030009
http://www.vanylven.kommune.no
Org.nr 964 978 662
Bankgiro: 3972 07 00151


116#687:942290bd-a220-4159-887d-f31aabddbdf:2

Kopi til:
Vågsøy kommune
Selje kommune
Sande kommune
Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
Ordføraren
Rådgjevar Ane Malene Søvik Nygård

116#688:942290bd-a220-4159-687d-f31aabddddbdf:3

# VANYLVEN KOMMUNE

## SAKSFRAMLEGG

| *Saksnr:* | *Arkiv:* | *Avd/Saksansv:* |
|---|---|---|
| 2012/571 | 002 | RÅD/NYGANE |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 162/2016 | Formannskapet | 13.09.2016 |
| 110/2016 | Kommunestyret | 13.09.2016 |
| 125/2016 | Kommunestyret | 18.10.2016 |

# Kommunereform - retningsval for Vanylven kommune, ny handsaming

## Tilråding:

Vedlegg
1 Kommunereform - retningsval for Vanylven kommune
2 Videre prosess for kommuner som ikke rakk å vedta sammenslåing innen 1 juli

## Samandrag av saka:

Statsråd Jan Tore Sanner, gjev ei utsetjing i arbeidet med kommunereforma. I brev datert 01.07.2016 signalisera statsråden at kommunane kan få erstatte sine vedtak frå før 1. juli med nye vedtak om samanslåing innan, 31. desember 2016, og fortsatt bli omfatta av vurderingane og forslaga i proposisjonen som blir lagt fram for Stortinget våren 2017.

116ff689:942290bd-a220-4159-887d-f31aabdddbdf:4

## Saksopplysningar:

Etter vedtak under eventuelt i formannskapet 5. september 2016, vart det orientert om at saka om kommunereform skulle takast opp på nytt.
Det vert vist til brev, datert 01.07.2016 og tidlegare saksutgreiing om kommunereforma som vedlagt.

## Vurdering og konklusjon:

Fiskå, 06.09.2016

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Ane Malene Søvik Nygård
rådgjevar

**Handsaming i formannskapet 13.09.2016:**

Framlegg frå Ottar Jan Løvoll:

Vanylven kommunestyre ser ikkje behov for å ta opp saka til ny handsaming. Viser til vedtak i k-sak 83/2016.

Framlegg frå varaordførar Bjarne Sætrenes:

1. Kommunestyret viser til spørjeundersøkingane og folkerøystinga gjort i tilknyting til reformprosessen i kommunen, og rår til at Vanylven vert ein del av ein større kommune i lag med kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.
2. Kommunestyret er kjend med resultata av folkerøystingane i nabokommunane. Vidare er ein kjend med stadfestinga frå Fylkesmannen på at kommunar framleis har høve til å forhandle om aktuelle løysingar fram til og med desember 2016.
   Forhandlingsutvalet får mandat til vurdere grunnlag for-, samt gjennomføre evt. nye forhandlingar.

Votering:
**5 røyster for framlegget framlegget frå varaordføraren**
**2 røyster for framlegget frå Ottar Jan Løvoll.**

**VEDTAK:**

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret viser til spørjeundersøkingane og folkerøystinga gjort i tilknyting til reformprosessen i kommunen, og rår til at Vanylven vert ein del av ein større kommune i lag med kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

116#690:942290bd-a220-4159-887d-f31aabdddbdf:5

2. Kommunestyret er kjend med resultata av folkerøystingane i nabokommunane. Vidare er ein kjend med stadfestinga frå Fylkesmannen på at kommunar framleis har høve til å forhandle om aktuelle løysingar fram til og med desember 2016.
   Forhandlingsutvalet får mandat til vurdere grunnlag for-, samt gjennomføre evt. nye forhandlingar.

**Handsaming i kommunestyret 13.09.2016:**

Etter framlegg frå Randulf Lillebø vart det halde gruppemøte.

Etter framlegg frå Solveig Menes vart det halde nytt gruppemøte.

Lilli Ann Bakkebø fekk innvilga permisjon og forlet møtet før votering.

Framlegget frå Ottar Jan Løvoll:
Saka vert utsett. Etter Fylkesmannens innstilling 3. oktober vert saka teke opp på nytt i kommunestyret.

**Framlegget frå Ottar Jan Løvoll vart samrøystes vedteke**

**VEDTAK:**

Saka vert utsett. Etter Fylkesmannens innstilling 3. oktober vert saka teke opp på nytt i kommunestyret.

**Handsaming i kommunestyret 18.10.2016:**

Framlegg frå Ap v/Ottar Jan Løvoll:

1. Folkerøystingane rår til at Vanylven vert ein del av ein større kommune i lag med kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

2. Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Vanylven held fram som eigen kommune, men då under føresetnad av at ein eller fleire av dei større nabokommunane kan vere tenesteleverandør på oppgåver som Vanylven manglar.

3. Vanylven kommune ynskjer på sikt og i åra som kjem å arbeide for ein kystkommune med utgangspunkt frå Vågsøy til Hareid. Ordføraren må ha ein tett dialog med forhandlingsutvalet i det vidare arbeidet, og kommunestyret må få god informasjon

Framlegg frå varaordførar Bjarne Sætrenes:

1. Kommunestyret viser til resultat av folkerøystinga om Stadt og Runde kommunar, der eit mindretal av innbyggarane i Vanylven sa ja til Stadt kommune, og fleirtalet sa ja til alternativet Runde kommune.

116#691:942290bd-a220-4159-887d-f31aabdddbdf:6

2. Vanylven kommunestyre tek til vitande at det berre er folkerøystinga i Sande som har same resultat som Vanylven, og at alternativet Runde såleis ikkje er gjennomførbart pr. no.
   Vanylven kommune vert difor beståande som eigen kommune.

3. Den 3/10 la fylkesmannen fram sitt forslag til ny kommunestruktur. Med bakgrunn i denne får forhandlingsutvalet for kommunereforma mandat til å forhandle fram avtalar, som så vert framlagt for kommunestyret for godkjenning.

4. Vanylven kommunestyre ser i framtida føre seg ei ein stor kystkommune som geografisk heng godt i hop, og som femner om kommunane Vågsøy, Selje, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

Etter framlegg frå Ottar Jan Løvoll vart det halde gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det lagt fram slik fellesframlegg v/Ottar Jan Løvoll:

Kommunestyret tek til vitande:

1. Folkcrøystinganc rår til at Vanylven vert ein del av ein større kommune i lag med kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

2. Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Vanylven held fram som eigen kommune, men då under føresetnad av at ein eller fleire av dei større nabokommunane kan vere tenesteleverandør på oppgåver som Vanylven manglar.

Vedtak:

Vanylven kommune ynskjer å arbeide for ein kystkommune med utgangspunkt frå Vågsøy til Hareid. Ordføraren må ha ein tett dialog med forhandlingsutvalet i det vidare arbeidet, og kommunestyret må få god informasjon

Varaordførar Bjarne Sætrenes trekte sitt framlegg.

**Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.**

**VEDTAK:**

Kommunestyret tek til vitande:

1. Folkerøystingane rår til at Vanylven vert ein del av ein større kommune i lag med kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

2. Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Vanylven held fram som eigen kommune, men då under føresetnad av at ein eller fleire av dei større nabokommunane kan vere tenesteleverandør på oppgåver som Vanylven manglar.

Vedtak:

Vanylven kommune ynskjer å arbeide for ein kystkommune med utgangspunkt frå Vågsøy til Hareid. Ordføraren må ha ein tett dialog med forhandlingsutvalet i det vidare arbeidet, og kommunestyret må få god informasjon

117#692:942290bd-a220-4159-887d-f31aaddddbdf:7

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 21.10.2016 14:14:00
Til: Lisbeth Moltu Espeseth[lisbeth.moltu.espeseth@heroy.kommune.no]
Tittel: Ein kvart milliard i regionale utviklingsmidlar til Nordmøre

---

**Fra:** Inger Johanne Moene [mailto:Inger.Johanne.Moene@mrfylke.no] **På vegne av** Info Mrfylke
**Sendt:** 17. oktober 2016 13:16
**Emne:** Ein kvart milliard i regionale utviklingsmidlar til Nordmøre

Møre og Romsdal fylkeskommune

■Pressemelding

Dato: 17.10.2016

# Ein kvart milliard i regionale utviklingsmidlar til Nordmøre

Nordmøre har dei siste ni åra mellom anna fått nær ein kvart milliard i regionale utviklingsmidlar. Dette kjem fram i ei oversikt Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd på førespurnad frå Nordmøre regionråd (ORKidé).
I samband med Nordmøre regionråd sitt arbeid med regionreforma, har fylkeskommunen blitt utfordra på å lage ei oversikt over fordelinga av fylkeskommunale utviklings- og investeringsmidlar for dei ulike delane av fylket. I tråd med meiroffentlegheitsprinsippet legg no fylkesrådmannen fram ei oversikt over investeringsmidlar til samferdsel, fordeling av grusvegpakken, investeringsmidlar til skolebygg , investeringsmidlar til kulturbygg , prosjekttilskot til kulturformål og regionale utviklingsmidlar.

Oversikta viser fordelinga mellom Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre i følgjande periodar:

- investeringsmidlar til samferdsel 2010 – 2015
- fordeling av grusvegpakken 2010 – 2014
- investeringsmidlar til skolebygg 2006 – 2016
- investeringsmidlar til kulturbygg 1995 – 2016
- prosjekttilskot til kulturformål 2013 – 2016
- regionale utviklingsmidlar 2006 – 2015

- Tala viser at Nordmøre har fått svært god utteljing, særleg når det gjeld regionale utviklingsmidlar, men også innan dei fleste andre områda vi har sett på, seier fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik. Han peikar på at fylkeskommunen har brukt knapt 4000,- kroner per innbyggar på Nordmøre mot i overkant av 2500,-kroner per innbyggar i Romsdal og på Sunnmøre. - Denne statistikken gir et godt bilete av fylkeskommunen som ein regional- utviklingsaktør, seier Guttelvik vidare. Han har tru på at oversikta er eit godt grunnlag å ta med i det vidare arbeidet med regionreforma.

Sjå heile oversikta i vedlegget.

**Kontaktperson:**
- Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann, tlf. 71 25 87 00 / mob. 901 08 512

# Informasjonsseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune

www.mrfylke.no - info@mrfylke.no

| Informasjonsseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune – www.mrfylke.no | | |
|---|---|---|
| INGVILD DVERSETH SÆTER<br><br>Informasjonsrådgivar<br><br>Fylkeshuset, 6404 MOLDE<br>Tlf arb: +47 71 25 86 15<br>Mob arb: +47 977 66 896<br>ingvild.seter@mrfylke.no | INGER JOHANNE MOENE<br><br>Informasjonssjef<br><br>Fylkeshuset, 6404 MOLDE<br>Tlf arb: +47 71 25 86 14<br>Mob arb: +47 472 84 003<br>inger.moene@mrfylke.no | ELIN JOHANSON LYNGSTAD<br><br>Informasjonsrådgivar<br><br>Fylkeshuset, 6404 MOLDE<br>Tlf arb: +47 71 25 87 30<br>Mob arb: +47 975 86 633<br>elin.lyngstad@mrfylke.no |

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
|---|---|---|
| 13.10.2016 | 107294/2016 | Ingunn Bekken Sjåholm |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| **U-116/16** | Fylkesutvalet | 17.10.2016 |
| | Fylkestinget | 17.10.2016 |

# Orientering: Regionvis fordeling av utviklingsmidlar og investeringar - svar til Nordmøre regionråd ORKidé

## Bakgrunn

I samband med Nordmøre regionråd sitt arbeid med regionreforma, vart Møre og Romsdal fylkeskommune spurt om å komme med ei oversikt over fordelinga av fylkeskommunale utviklings- og investeringsmidlar for ulike delar av fylket.

I tråd med meiroffentlegheitsprinsippet legg fylkesrådmannen her fram:

- investeringsmidlar til samferdsel 2010 – 2015
- fordeling av grusvegpakken 2010 – 2014
- investeringsmidlar til skolebygg 2006 – 2016
- investeringsmidlar til kulturbygg 1995 – 2016
- prosjekttilskot til kulturformål 2013 – 2016
- regionale utviklingsmidlar 2006 – 2015

## Investeringsmidlar til samferdsel 2010-2015

Tala frå samferdsel går berre 5 år tilbake. Dette har å gjere med forvaltningsreforma som trådde i kraft frå 2010, då fylkeskommunen vart ein stor vegeigar (overtok ansvaret for øvrige riksvegar frå Statens vegvesen).

Dersom det er ønskeleg å ha tal for ein lenger periode enn dette, er det sjølvsagt fullt mogleg å framskaffe - men då treng vi noko lengre tid.

Fordelinga er som følger:

| Region | Regnskapsførte utgifter 2010-2015 – i tusen kroner | Kilometer fylkesveg | Innbyggarar pr 1.1.2016 |
|---|---|---|---|
| Nordmøre | 393 962 | 1 089 | 61 904 |
| Romsdal | 385 238 | 775 | 60 398 |
| Sunnmøre | 797 601 | 1 238 | 142 988 |

Det gir ei slik prosentvis fordeling:

| Region | Regnskapsførte utgifter 2010-2015 – del av totalen | Kilometer fylkesveg – del av totalen | Innbyggarar pr 1.1.2016 – del av totalen |
|---|---|---|---|
| Nordmøre | 25 % | 35 % | 23% |
| Romsdal | 24 % | 25 % | 23% |
| Sunnmøre | 51 % | 40 % | 54% |

I desse tala er ikkje utgifter til rassikringsprosjekt tatt med. Desse er i hovudsak finansiert med statlege midlar og prioriteringa har følgt objektive kriteria for tildeling. Desse prosjekta har så langt vore på Sunnmøre.

Følgande prosjekt er gjennomført på Nordmøre 2010-2015:

| Prosjektnamn | Regnskap 2010 | Regnskap 2011 | Regnskap 2012 | Regnskap 2013 | Regnskap 2014 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Edøya fk, traf.reg. | 1 204 | | | | | |
| Kvanne fk | 9 | 963 | 24 028 | 162 | 82 | 25 |
| Edøy fk | | 6 870 | 4 328 | 205 | 0 | |
| Kallarsundbrua | 6 678 | 2 485 | 15 | 0 | | |
| Foldfjordbrua | 24 899 | 7 306 | 759 | 291 | 0 | |
| Driva bru | | | 0 | 138 | 5 367 | 42 742 |
| Fv 253, 254, 255 og 259 Averøy | 655 | 23 114 | 4 695 | 109 | 206 | |
| Fv 351, 352, 298 Halsa | 17 484 | 933 | 18 458 | 7 325 | 373 | |
| Fv 312, 313 Sunndal | | 203 | 18 198 | 1 120 | 207 | |
| Fv 285, 288 Gjemnes | | 402 | 21 173 | 8 482 | 141 | |
| Fv 277, 278 Eide | 30 | 117 | 10 509 | 4 734 | 40 | |
| Fv 385 Smøla | | | 361 | 13 833 | 850 | |
| Fv 357/367 Aure | | | 318 | 29 067 | 4 736 | |
| Kjørsvikbugen | | | | | | 161 |
| Stikkrennetunnel fv. 65, Stokkøyan | | | | | 138 | 585 |
| Kårvåg | 16 164 | 50 | 42 | | | |
| Straumen - Øygarden | | | | 972 | 6 752 | 16 599 |
| Bolme - Børset | | | | 755 | 11 084 | 4 477 |
| Vevang | | | | 219 | 801 | 2 533 |
| Hottranklakken, Smøla | | | 3 027 | 50 | 0 | |
| Eldhusøya, Atlanterhavsveien | | | 0 | 12 622 | 0 | |
| Bremsnes, Averøya | | | | 282 | 220 | |
| **Sum Nordmøre** | **67 123** | **42 443** | **105 911** | **80 366** | **30 997** | **67 122** |

**Grusvegpakken 2010-2016**
Å få fast dekke på fylkesvegane har vore ei politisk prioritering i Møre og Romsdal. Fordelinga frå 2010 til 2014 var som følger:

| | | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | Sum 2010-2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Div | Grunnerverv grusvegpakken | 3 859 | 8 806 | 4 835 | 2 668 | 1 740 | 21 908 |
| | | | | | | | |
| Nordmøre | Fv 253, 254, 255 og 259 Averøy | 655 | 23 114 | 4 695 | 109 | 206 | 28 779 |
| Nordmøre | Fv 351, 352, 298 Halsa | 17 484 | 933 | 18 458 | 7 325 | 373 | 44 573 |
| Nordmøre | Fv 312, 313 Sunndal | | 203 | 18 198 | 1 120 | 207 | 19 728 |
| Nordmøre | Fv 285, 288 Gjemnes | | 402 | 21 173 | 8 482 | 141 | 30 198 |
| Nordmøre | Fv 277, 278 Eide | 30 | 117 | 10 509 | 4 734 | 40 | 15 430 |
| Nordmøre | Fv 385 Smøla | | | 361 | 13 833 | 850 | 15 044 |
| Nordmøre | Fv 357/367 Aure | | | 318 | 29 067 | 4 736 | 34 121 |
| | **Sum Nordmøre** | **18 169** | **24 769** | **73 712** | **64 670** | **6 553** | **187 873** |
| | | | | | | | |
| Romsdal | 220 Aukra, refusjon til kommunen | | 1 158 | | | | 1 158 |
| Romsdal | fv 413 Sekken fk - Vestadstranda | 2 937 | | | | | 2 937 |
| Romsdal | Fv 194/231 Nesset/ Fræna | 6 126 | | 132 | 14 676 | 356 | 21 290 |
| Romsdal | fv 179, 178 Rauma | 10 870 | | | | | 10 870 |
| Romsdal | fv 173 Innfjorden | 6 568 | | | | | 6 568 |
| | **Sum Romsdal** | **26 501** | **1 158** | **132** | **14 676** | **356** | **42 823** |
| | | | | | | | |
| Sunnmøre | Fv 104, 102 Skodje/ Ørskog | 3 215 | 252 | 7 327 | 175 | 43 | 11 012 |
| Sunnmøre | fv 388 Ålesund | 79 | | | | | 79 |
| Sunnmøre | Fv 145 Haram | | | 309 | 8 205 | 727 | 9 241 |
| Sunnmøre | Fv 63 Nordre Valldal? | 65 | | | | | 65 |
| Sunnmøre | Fv 42 Volda | 114 | | | | | 114 |
| Sunnmøre | Fv 43 Ørsta/ Volda | 6 009 | | 67 | 18 796 | 2 191 | 27 063 |
| Sunnmøre | Fv 81 Stranda | 3 047 | | | | | 3 047 |
| | **Sum Sunnmøre** | **12 529** | **252** | **7 703** | **27 176** | **2 961** | **50 621** |
| | | | | | | | |
| | **Grusvegpakken total** | **61 058** | **34 985** | **86 382** | **109 190** | **11 610** | **303 225** |

**Investeringsmidlar til skolebygg 2006 – 2016**
Bygg- og vedlikehaldsseksjonen (ByVe) fordeler investeringsmidlar saman med Utdanningsavdelinga innan områda:

- ✓ K-midlar: Store utviklingsprosjekt – 1.356 mill. kroner inkl. mva
- ✓ L-midlar: Utskifting og større vedlikehald – 160 mill. kr inkl. mva
- ✓ M-midlar: Utstyr og pedagogisk ombygging på dei vidaregåande skolane, samt universell utforming. – 86 mill. kr inkl. mva

| | Totalt brukt | Brukt per elev | Brukt per m2 |
|---|---|---|---|
| **Kristiansund** | 405 147 000 | 292 525 | 13 212 |
| **Indre Nordmøre** | 21 669 000 | 27 569 | 1 120 |
| **Romsdal** | 509 013 000 | 206 496 | 8 629 |
| **Nordre Sunnmøre** | 487 854 000 | 144 208 | 8 586 |
| **Indre Sunnmøre** | 19 362 000 | 39 514 | 1 656 |
| **Søndre Sunnmøre** | 159 866 000 | 96 771 | 5 145 |

Det vil ikkje vere riktig å sjå berre på totalt forbruk av midlar fordelt på region. Forbruket må også sjåast i samanheng med elevtal og bruk/m2. På same måte vil det heller ikkje vere vilkårlig kva periode ein tar ut tala frå. Et større byggeprosjekt vil ta 4-8 år å gjennomføre, og fylkeskommunen har ikkje hatt økonomisk kapasitet til å løfte mange prosjekter samtidig. Derfor vil en slik 10-årsperiode ikkje nødvendigvis spegle forbruk sett opp mot behov.

Vidare må det også poengterast at utnyttingsgraden ved skolane i indre del av fylket er såpass låg at det ikkje har vore behov for utviklingsprosjekt for å auke kapasiteten eller funksjonaliteten tilsvarande det vi har hatt i dei tre største byane i fylket.

Midlane har så langt vore tildelt enten som direkte løyving i fylkestinget (K-midlar) eller som søknad frå skolane (M-midlar). L-midlane er tildelt etter innmeldt behov frå skolane eller etter befaring frå ByVe.

I den nye eigendomsstrategien vil fordeling av midlar følge strengt av behov avdekka ved tilstandsanalyse (L-midlar), og K-midlar etter analyse av elevtalsutvikling og funksjonsbehov. Dette skal gi mest mogleg objektive kriteriar for prioritering av midlane, der geografisk plassering eller kompetanse på å søke midlar ikkje blir utslagsgivande.

## Investeringar i kulturbygg 1995-2016

| Investeringar i bygg/institusjonar | År | Kroner | Prisjustert |
|---|---|---|---|
| **Sunnmørshallen** | 1996 | 6 000 000 | 9 198 321,09 |
| **Stiftelsen Kulturkvartalet** | | | |
| Jugendstilsenteret | 2000 | 4 500 000 | 6 231 753,55 |
| Kjøp Norges Bank bygget (Kube) | 2003 | 8 000 000 | 10 361 702,13 |
| Utbygging av Kunstmuseum (Norges bank-bygget) og magasin og verkstad ved Sunnmøre museum | 2004 | 20 300 000 | 26 176 787,29 |
| **Sunnmøre Museum** | | | |
| Formidlingsbygg | 1996 | 3 000 000 | 4 599 160,55 |
| Magasin - prosjektering og tilrettelegging | 2003 | 1 000 000 | 1 295 212,77 |
| Magasin | 2004 | 6 000 000 | 7 736 981,47 |
| Vernebygg Ishavsskuta Aarvak | 2005 | 1 673 000 | 2 123 590,79 |
| **Atlanterhavsparken** | 1996 | 6 000 000 | 9 198 321,09 |
| **Alnes fyr og besøkssenter** | 2013 | 4 000 000 | 4 354 694,49 |
| **Totalt Sunnmøre** | | **60 473 000** | **81 276 525,22** |
| **Plassen** (Teatret vårt og Jazzfestivalen) | | 30 000 000 | 34 029 503,11 |
| Jazzfestivalen - refinansiering | 2015 | 1 000 000 | 1 029 037,00 |
| **Romsdalsmuseet - årleg investeringstilskot** | | 48 500 000 | 52 800 670,00 |
| RM Eigedom | 2008 | 2 500 000 | 2 967 099,92 |
| Stiftelsen Bud/Ergan - drifta av Romsdalsmuseet | 2008 | 1 250 000 | 1 483 549,96 |
| Nesset Prestegard | 2007 | 700 000 | 862 310,29 |
| **Totalt Romsdal** | | **83 950 000** | **93 172 170,28** |
| **Braatthallen** | 1995 | 3 000 000 | 4 652 866,24 |
| **Atlanten Kunstisbane** | 2006 | 2 750 000 | 3 413 551,40 |
| Atlanten Kunstisbane | 2016 | 11 000 000 | 11 000 000,00 |
| **Nordmøre Museum** | | | |
| Skimuseum Rindal | 2010 | 5 333 000 | 6 049 311,34 |
| Mellemverftet | 2005 | 1 800 000 | 2 284 795,83 |
| Halsa - Geitbåtmuseet Båthall | 2015 | 800 000 | 836051,5 |
| Halsa - Geitbåtmuseet rehabilitering | 2016 | 6 200 000 | 6 200 000,00 |
| **Nordic Light** | 2016 | 1 000 000 | 1 028 873,00 |
| **Utvikling av Festiviteten - Distriktsoperens hus** | 2007 | 20 000 000 | 24 974 358,00 |
| **Opera og kulturhus i Kristiansund** | 2014 | 204 080 000 | 217794653 |
| **Totalt Nordmøre** | | **255 963 000** | **278 234 460,31** |

**Prosjekttilskot til kulturformål 2013-2016** (fordelte tilskot per 11.10.16)

53,5 mill. kroner, eller om lag 50 % av prosjektmidlane fylkeskommunen forvaltar innan kulturfeltet, går til lag, organisasjonar og institusjonar på Sunnmøre. 43 millionar kroner går til Romsdal og Nordmøre. . Det som kjenneteiknar tilskota innan kulturfeltet, er at dei varierer i storleik. Grad av eigenfinansiering påverkar tildelt søknadssum.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Nordmøre | 19 431 974 | 18 625 360 | 22 920 951 | 20 666 290 |
| Romsdal | 19 007 581 | 22 203 866 | 20 600 413 | 23 100 890 |
| Sunnmøre | 35 559 218 | 45 306 874 | 53 034 576 | 53 509 497 |
| Mottakar utanfor fylket | 101 000 | 193 800 | 152 000 | 100 000 |
| Forvalta av MRfk, kulturavd | 8 605 579 | 8 345 973 | 9 850 945 | 8 825 522 |
| | **82 737 382** | **94 687 873** | **106 558 885** | **106 202 199** |

Av tilskotsporteføljen kulturavdelinga forvaltar til prosjekttilskot, er spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet den største. I 2016 fordelte kultur- og folkehelseutvalet 71 mill. kroner. I tillegg forvaltar avdelinga m.a. statlige midlar til kulturminneforvaltinga (8 mill. kroner), midlar til friluftsliv (5 mill. kroner) og lokale kulturbygg (4 mill. kroner).

Midlane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er brukt m.a. til svømmeanlegg, motorkrossbanar, rideanlegg, skianlegg, kunstgrasbaner, sandvollyballanlegg, ballbingar mm over heile fylket (sjå sak KF-23/16, - totalt 64 ulike prosjekt). Midlane til kulturminneforvaltinga blir tildelt eigarar av freda bygg og anlegg, - frå stabbur og våningshus på Nordmøre til notbøteri og fjellgardar på Sunnmøre. Mottakarar utanfor fylket, er t.d. bokprosjekt som dokumenterer kulturarv i Møre og Romsdal, kunstnettverk som gir arrangement i Møre og Romsdal, men forretningsadresse utanfor fylket, mm. . Felles for desse er at dei har adresse utanfor fylket.

Midlane som blir forvalta av Møre og Romsdal fylkeskommune, ved kulturavdelinga, er spelemidlar som blir brukt på Kultursekken (den nasjonale ordninga Den kulturelle skolesekken). Gjennom denne ordninga får alle barn og unge i grunn- og vidaregåande skule kulturelle opplevingar i skuletida.

I tillegg brukar fylkeskommunen over 60 mill. kroner på driftstilskot til kulturinstitusjonar og organisasjonar, på regionalt nivå. Av desse gjekk 11 mill. kroner til Nordmøre, 21 mill. kroner til Romsdal og 21 mill. kroner til Sunnmøre. Ein stor del av desse midlane går til institusjonane :

- ✓ Regionsmusea, inkludert Kulturkvartalet i Ålesund
- ✓ Operaen i Kristiansund
- ✓ Teatret Vårt
- ✓ Molde internasjonale jazzfestival

Tilskotet fylkeskommunen yt til desse institusjonane/organisasjonane, er regulert i avtale mellom stat, fylkeskommune og vertskommune/er etter ulike fordelingsnøklar.

Dei politiske sakene KF-1/16 og KF-2/16 viser kva organisasjonar som har driftstilskot frå fylkeskommunen.

Kulturprosjekt -tilskot til Nordmøre 2013-2016:

| Mottakar | 2013 | 2014 | 2 015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Adhd Norge Møre og Romsdal - kurs | 5 000 | | | |
| Jon Bojer Godal - bokverk om båtar i | 170 000 | | | |
| Lars Skrøvseth - | 30 000 | | | |
| Nils Tore Leivdal - trykking av heftet | 8 600 | | | |
| Nordmøre Fortidsminneforening - | 40 000 | | | |
| Jon Bojer Godal - bokverk om båtar i | | 170 000 | | |
| Averøy kommune bo-lyst - | | 50 000 | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | | 25 000 | | |
| Nettverksleder region nordre - | | 20 000 | | |
| NTL Møre og Romsdal - samspillkurs | | 10 000 | | |
| Stiftelsen Geitbåtmuseet - Enge | | 100 000 | | |
| Stiftelsen Geitbåtmuseet Husanotra - | | 50 000 | | |
| Fritidsvennene v/Kristin Brevig - Nyttårsball for mennesker med | | | 15 000 | |
| Nordmørstreffen, Aure - | | | 20 000 | |
| KF-36/15 Kjøp av midlertidig båthall | | | 800 000 | |
| Colombine; Scenekunst, Livkunst- | | | 100 000 | |
| Skonnert Ideal av Kristiansund - | | | 100 000 | |
| Sunndal kommune v/ Ole Magne | | | 50 000 | |
| Jon Bojer Godal | | | 170 000 | |
| Nordmøre Museum, Geitbåtmuseet | | | 300 000 | |
| Bølgen Næringshage AS - Fotobyen | | | | 10 000 |
| Surnadal Billag | | | | 50 000 |
| Undine as - Syver og Beatrice - et | | | | 50 000 |
| Møre og Romsdal Fotograflaug - 100- | | | | 20 000 |
| Undine as - Filmskapercamp | | | | 25 000 |
| Compassion 2 Dance Company- | | | | 50 000 |
| Mellemværftet farøyvernforening - | | | | 100 000 |
| Smøla kommune - Møre og Romsdal- | | | | 120 000 |
| Andreas Sandvik -Slaktehistoren i | | | | 30 000 |
| Møre og Romsdal idrettskrets - | | | | 15 000 |
| NFF Nordmøre og Romsdal - | | | | 20 000 |
| Tingvoll sokneråd | | 3 000 | | |
| Tustna Husmorlag/Tustna Kvinne og | | 12 000 | | |
| Averøy kommune - Barnas | | 20 000 | | |
| Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal | | 45 000 | | |
| Tingvoll Sokneråd | 2 000 | | | |
| Kristiansund Frivilligsentral | 40 000 | | | |
| Eritreisk forening | 5 000 | | | |
| Kristiansund Frivilligsentral - | | | | 50 000 |
| Håvard Johansen - Utenlandsk kultur | | | | 10 000 |
| CFK - Stjernelaget | | 20 000 | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Grimstadhøgda 4H | | 12 000 | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | | 60 000 | | |
| Gjøra Bydeutvikling | | 83 000 | | |
| Turistgruppa, Rindal IL | | 24 000 | | |
| Sunndal museumslag | 10 000 | | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | 30 000 | | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | 35 000 | | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | 20 000 | | | |
| Sunndal Museumslag | | 10 000 | | |
| Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal | | 65 000 | | |
| Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal | | 57 000 | | |
| Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal | | 60 000 | | |
| Eide Jeger og fiskeforening | | 25 000 | | |
| Sunndal Museumslag | | | 10 000 | |
| Grimstadhøgda 4H | | | 50 000 | |
| Sunndal Museumslag | | | | 10 000 |
| Lillian Romfo - kvilebenkar på Betten | | | | 3 500 |
| NM i bueskyting, 2013 skive | 20 000 | | | |
| Idrettsvekst AS og Surnadal IL | | 25 000 | | |
| Kristiansund Håndballklubb | | | 25 000 | |
| Kristiansund kommune | 531 000 | | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | 30 000 | | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | 10 000 | | | |
| Gjemnes kommune | | 230 000 | | |
| Kristiansund kommune, Kultur- og | | 125 000 | | |
| Kristiansund kommune, Kultur- og | | 100 000 | | |
| Kristiansund kommune, Kultur- og | | 100 000 | | |
| Gjemnes kommune - Fursetfjellet | | | | 40 000 |
| Aure IL | 100 000 | | | |
| Bøfjord Idrettslag | 60 000 | | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | 200 000 | | | |
| Tjørvåg IL | | 68 400 | | |
| Smøla kommune & Smøla Idrettslag | | 54 000 | | |
| Friluftsrådet for Nordmøre og | | 354 000 | | |
| Nordvik Grendalag | | | | 76 000 |
| Sunndal kommune | | | | 360 000 |
| Nordvesthall1 AS | 3 625 000 | | | |
| Frei fotballklubb | 223 000 | | | |
| Kristiansund Motorcrossklubb | 700 000 | | | |
| Kristiansund kommune | 613 000 | | | |
| Eide og Omegn fotballklubb | 303 000 | | | |
| Eide kommune | 181 000 | | | |
| Grykameratene IL | 500 000 | | | |
| Kårvåg IL | 205 000 | | | |
| Averøy kommune | 200 000 | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Angvik bygdalag | 181 000 | | | |
| Angvik kunstgrasbane SA | 500 000 | | | |
| Batnfjord bygdalag | 100 000 | | | |
| Tingvoll kommune | 181 000 | | | |
| Tingvoll golfklubb | 157 000 | | | |
| Driva IL | 181 000 | | | |
| Trollheimen ride- og kjørelag | 1 450 000 | | | |
| Halsa Il | 63 000 | | | |
| Valsøyfjord IL | 233 000 | | | |
| Liabø skole | 200 000 | | | |
| Aure kommune | 119 000 | | | |
| Aure kommune | 2 350 000 | | | |
| Aure kommune | 700 000 | | | |
| Kristiansund kommune | | 600 000 | | |
| Kristiansund kommune | | 128 000 | | |
| Dahle Idrettslag | | 646 000 | | |
| Dahle IL | | 290 000 | | |
| Kristiansund og Nordmøe | | 275 000 | | |
| Fosna Skytterlag | | 119 000 | | |
| Eide kommune | | 129 000 | | |
| IL Frode | | 100 000 | | |
| Eide og Omegn fotballklubb | | 1 328 000 | | |
| Grykameratene IL | | 500 000 | | |
| Averøy kommune | | 85 000 | | |
| Flemma IL | | 312 000 | | |
| Angvik bygdalag | | 184 000 | | |
| Angvik kunstgrasbane SA | | 500 000 | | |
| Sunndal Pistolklubb | | 211 000 | | |
| Hov Skytterlag (2) | | 387 000 | | |
| Sunndal kommune | | 498 000 | | |
| Surnadal kommune | | 438 000 | | |
| Rindalshallen | | 1 850 000 | | |
| Rindal kommune | | 200 000 | | |
| Turistgruppa i rindal | | 93 000 | | |
| Rindal kommune | | 300 000 | | |
| Rindal kommune | | 500 000 | | |
| Halsa Skyttarlag | | 119 000 | | |
| Halsa kommune | | 300 000 | | |
| Smøla Skyttarlag | | 200 000 | | |
| Aure kommune | | 200 000 | | |
| Aure kommune | | 2 350 000 | | |
| Dahle idrettslag | | | 645 000 | |
| Kristiansund kommune | | | 500 000 | |
| Nordlandet, IL | | | 617 000 | |
| Kristiansund Stadion | | | 800 000 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kristiansund kommune | | | 189 000 | |
| Kristiansund kommune | | | 300 000 | |
| Eide og Omegn Fotballklubb | | | 1 172 000 | |
| Eide kommune | | | 300 000 | |
| Averøy kommune | | | 200 000 | |
| Batnfjord IL | | | 963 000 | |
| Gjemnes kommune | | | 81 000 | |
| Osmarka IL | | | 63 000 | |
| Sunndal kommune | | | 2 000 000 | |
| Trollheimen ride- og kjørelag | | | 396 000 | |
| Surnadal kommune | | | 1 500 000 | |
| Surnadal IL | | | 488 000 | |
| Bæverdalen Skytterlag | | | 105 000 | |
| Børfjorden IL | | | 232 000 | |
| Rindalshallen | | | 2 960 000 | |
| Rindal kommune | | | 500 000 | |
| Rindal kommune | | | 100 000 | |
| Smøla, Nelvika innendørs | | | 828 000 | |
| Smøla kommune | | | 78 000 | |
| Aure kommune | | | 700 000 | |
| Ertvågsøya Idrettslag | | | 373 000 | |
| Aure kommune | | | 700 000 | |
| Surnadal kommune | | | | 1 700 000 |
| Kristiansund Stadion | | | | 1 200 000 |
| Kristiansund kommune | | | | 500 000 |
| Dahle-Hallen A/S | | | | 1 300 000 |
| Kristiansund Stadion | | | | 1 000 000 |
| Kristiansund og Omegan Golfklubb | | | | 1 000 000 |
| Eide og Omegan fotballklubb | | | | 1 000 000 |
| Sunndal kommune | | | | 1 000 000 |
| Aure kommune | | | | 1 000 000 |
| Kårvåg/Havørn Fotball | | | | 767 000 |
| Braathallen AS | | | | 575 000 |
| Freihallen A/L | | | | 425 000 |
| Flemma IL | | | | 230 000 |
| Sunndal kommune | | | | 200 000 |
| Tingvoll IL | | | | 140 000 |
| Tingvoll IL | | | | 103 000 |
| Osmarka Hestesport klubb | | | | 64 000 |
| Kristiansund kommune | | | | 30 000 |
| Kristiansund kommune | | | | 35 000 |
| Rindal kommune | | | | 50 000 |
| Kristiansund kommune | | | | 82 000 |
| Turstigruppa i Rindal | | | | 102 000 |
| Halsa kommune | | | | 132 000 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kristiansund kommune | | | | 144 000 |
| Sunndal kommune | | | | 200 000 |
| Vevang velforning | | | | 258 000 |
| Averøy kommune | | | | 300 000 |
| Goma Ballbinge | | | | 300 000 |
| Kristiansund kommune | | | | 300 000 |
| Veiholmen Velforening | | | | 300 000 |
| Aure kommune | | 65 000 | 46 046 | |
| Averøy kommune | | 45 667 | 51 590 | |
| Eide kommune | | | 40 181 | |
| Gjemnes kommune | | 50 000 | 62 804 | |
| Halsa kommune | | 41 000 | 60 619 | |
| Kristiansund kommune | | 158 000 | 146 421 | |
| Rindal kommune | | | 37 919 | |
| Smøla kommune | | | 38 264 | |
| Tingvoll kommune | | 26 353 | 43 669 | |
| Angvik Bygdelag, Sommarkonsertane | 5 000 | | | |
| Fikså musikkorps | 3 000 | | | |
| JassåKoret | 4 000 | | | |
| Kirkemusikk i Averøy | 3 000 | | | |
| Kristiansund Kammerkor | 5 000 | | | |
| Kristiansund symfoniorkester og | 5 000 | | | |
| Todalskoret og Åsskard Kyrkjekor | 3 000 | | | |
| Angvik bygdelag, sommarkonsertane | | 10 000 | | |
| Haramsøy skulekorps | | 3 000 | | |
| Korforbundet avd. Nordmøre | | 7 000 | | |
| Kristiansund kammerkor | | 5 000 | | |
| Kristiansund kammerkor | | 5 000 | | |
| Kristiansund kammerkor | | 5 000 | | |
| Kristiansund operakor | | 3 000 | | |
| Surnadal hornmusikk og VOX m.fl | | 5 000 | | |
| Tingvoll blueslag | | 4 000 | | |
| Øksendal sognlag | | 2 000 | | |
| Åkerfallets venner | | 7 000 | | |
| Aure Songlag | | | 5 000 | |
| Halsa Historielag | | | 5 000 | |
| Kristiansund kammerkor | | | 15 000 | |
| Nordmøre Hardrock Club, | | | 5 000 | |
| Åsskard Kyrkjekor | | | 5 000 | |
| Angvik bygdelag, sommarkonsertane | | | 5 000 | |
| Averøy gospelgruppe - konsert | | | | 2 500 |
| Averøy kirkekor - konsert | | | | 4 500 |
| Nordmøre Spelmannslag - Konsert | | | | 15 000 |
| Kristiansund gospelkor - Varme i | | | | 7 000 |
| Innledingen - 4Voksne til by'n | | | | 5 300 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kristiansund kammerkor - J.S Bachs | | | | 10 000 |
| Aure Arena Kulturhus | 1031736 | | | |
| Sveggen Velhus | 500000 | | | |
| Averøy nye rådhus | 758543 | 1 241 490 | | |
| Samfunnshuset Fossheim | 914361 | | | |
| Kårvåghallen, Averøy | | | | 1 600 000 |
| Braatthallen AS | | | | 29 900 |
| Kino, Kristiansund | 4 719 | 5 034 | 958 | 0 |
| Surnadal kommune | 100 196 | 38 297 | 33 264 | 13 182 |
| Skjærvafestivalen AS | | | | 17 560 |
| Vindmølle Larm | 21 400 | 22 749 | 25 000 | 0 |
| Kristiansund kommune | 195 616 | 193 122 | 193 264 | 204 057 |
